





Luster kommune



Tilstandsrapport for Oppvekst i Luster kommune 2021



Innhold

| | |
|---|-----------|
| 1. Innleiing | 2 |
| 2. Kommunale mål | 2 |
| 3. Oversikt skular og barnehagar | 3 |
| 3.1. Tal elevar per 15.10.2021 og tal barn i barnehage per 15.12.2021 | 3 |
| 3.2. Lærartettleik | 4 |
| 3.3. Lærarar, årsverk og utdanning | 5 |
| 4. Utviklingsarbeid i skule og barnehage | 4 |
| 4.1. Grunnskule | 6 |
| 4.2. SFO | 8 |
| 4.3. Barnehage | 8 |
| 5. Tema: Lekser | 9 |
| 6. Tema: Tidleg innsats | 12 |
| 7. Tema: Spesialundervisning og tenestekjøp PPT | 14 |
| 7.1. Statistikk spesialundervisning 2021/22 | 15 |
| 7.2. Tenestekjøp Sogn PPT | 16 |
| 8. Tema: Ungdata 2021 | 17 |
| 9. Læringsmiljø | 19 |
| 9.1. Om Elevundersøkinga | 19 |
| 9.2. Elevundersøkinga 7. trinn | 20 |
| 9.3. Elevundersøkinga 10. trinn | 21 |
| 9.4. Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare (prosent) | 21 |
| 10. Resultat | 22 |
| 10.1. Om nasjonale prøvarNasjonale prøvar 5. steget | 22 |
| 10.2. Nasjonale prøvar 5. trinn | 26 |
| 10.3. Nasjonale prøvar 8. trinn | 26 |
| 10.4. Karakterar – eksamen og standpunkt | 28 |
| 10.5. Grunnskulepoeng | 29 |
| 11. Skulebidragsindikator | 31 |
| 10.1. Skulebidrag 1.-4. trinn | 31 |
| 10.2. Skulebidrag 5.-7. trinn | 32 |
| 10.3. Skulebidrag 8.-10. trinn | 32 |
| 12. Gjennomføring | 33 |
| 12.1. Overgang frå grunnskule til VGO | 33 |
| 13. Vedlegg – presentasjon av einingane | |

1. Om tilstandsrapport for grunnskulen 2021

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål. Det skal rapporterast om læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Dessutan er det eit krav at rapporten skal drøftast av kommunestyret, jf. opplæringslova § 13-3e.

Utdanningsdirektoratet laga i 2021 ny mal for tilstandsrapporten som denne rapporten i hovudsak er basert på. I handsaminga av tilstandsrapporten i fjor vedtok kommunestyret at tilstandsrapporten frå og med i år skal innehalda ei kvalitetsvurdering av «tenestekjøpet» av PP-tenester. Det vart også vedteke at tilstandsrapporten i år skal ha eit eige avsnitt med oversikt over tiltak knytt til tidleg innsats i barnehage og skule inkludert ei vurdering av verknada av tiltaka.

Skildringa av ulike utviklingsarbeid i oppvekstsektoren er tona noko ned i årets rapport, både for at rapporten ikkje skal verta for omfattande og fordi aktiviteten på dette området også er skildra utførelg under tenesteområda barnehage og skule i årsrapporten til Luster kommune for 2021.

I fjor var det eigen temadel og oppsummering frå foreldreundersøkinga i barnehage og skule. I årets rapport er det med ei oppsummering frå Ungdata-undersøkinga i fjor der elevar på 5.-7. trinn og 8.-10. trinn i Luster og resten av landet svarar på eit breitt spekter av tema frå skule til fritid.

Grunnskulen fekk nytt læreplanverk august 2020, for barnehagen sin del kom det større endringar i barnehagelova gjeldande frå januar 2021 og skulefritidsordninga (SFO) fekk sin aller fyrste nasjonale rammeplan gjeldande frå august 2021. Det er fleire og fleire overlappende felt og moglegheiter til å sjå samanhengar mellom dei ulike tenestene.

Koronapandemien prega oppvekstområdet også ein del i 2021. No har Luster vore skåna for dei store sjukdomsutbrota, men oppfølging av smittevernreglar, høgare sjukefråvær enn tidlegare og mykje digitale møte i staden for fysiske treff påverkar drifta, ikkje minst utviklingsarbeidet.

I vedleggsdelen presenterer kvar barnehage og skule seg over to sider, noko som gjev eit snøggblikk inn i aktiviteten ved einingane i 2021. Denne delen vil også vera ekstra interessant for elevråd, FAU og SU ved den einskilde barnehage og skule.

Takk til alle tilsette i barnehage, SFO, skule og vaksenopplæring som står på for eit solid opplæringsløp for innbyggjarane i Luster.



Knut Åge Teigen
kommunalsjef oppvekst

2. Kommunale mål

Opplæringslova, nasjonalt læreplanverk, forskrifter, overordna planar og vedtak er det som set rammer innhaldet i for Kommunale overordna mål for lustraskulen er å:



- *arbeida for ein inkluderande skule, med god trivsel, høg fagleg kvalitet og gode resultat*
- *arbeida systematisk med både den første og den andre leseopplæringa, korleis lesa for å læra, og skrivning som grunnleggjande dugleik på tvers av fag*
- *auka kunnskapen blant pedagogisk personale om lese- og skrivevanskar*
- *flytta fokuset frå spesialundervising til tilpassa opplæring og auka kvaliteten på spesialundervisinga*
- *gje skulefritidstilbod (SFO) til elevar på 1.-4. klassesteg så langt som mogleg ved heimeskulen*
- *gje tilbod om opplæring på grunnskulenivå for vaksne og norskopplæring med samfunnskunnskap for innvandrarak/flyktningar*
- *tilby vidareutdanning og kompetanseheving for å betra fag- og kompetansegrunnlaget i lustraskulen*
- *opprethalda ein desentralisert skulestruktur med vekt på lustraidentitet*

3. Oversikt skular og barnehagar

3.1. Tal elevar per 15.10.2021 og tal barn i barnehage per 15.12.2021

| Skule | Elevar | Klassar |
|-----------------------------|------------|-----------|
| Gaupne skule | 132 | 7 |
| Hafslo barne- og ungd.skule | 208 | 10 |
| Indre Hafslo oppvekstsenter | 36 | 3 |
| Jostedal oppvekstsenter | 24 | 2 |
| Luster oppvekstsenter | 36 | 3 |
| Luster ungdomsskule | 131 | 6 |
| Skjolden oppvekstsenter | 25 | 3 |
| Solvorn oppvekstsenter | 21 | 2 |
| Veitastrond oppvekstsenter | 13 | 2 |
| Sum | 626 | 38 |

| Barnehage | Barn |
|-----------------------------|------------|
| Gamlestova barnehage | 52 |
| Gaupne barnehage | 90 |
| Hafslo barnehage | 39 |
| Indre Hafslo oppvekstsenter | 30 |
| Jostedal oppvekstsenter | 15 |
| Luster oppvekstsenter | 27 |
| Skjolden oppvekstsenter | 11 |
| Solvorn oppvekstsenter | 12 |
| Veitastrond oppvekstsenter | 13 |
| Sum | 289 |



Skule- og barnehageeigar si vurdering

Lustraskulen hadde i 2021/22 626 elevar. Det er ein nedgang på ti elevar samanlikna med skuleåret før. Tal klassar var det same i 2021/22 – 38 klassar – som året før.

Trenden dei siste ti åra i Lustraskulen er at elevtalet er jamt fallande og at dette skjer etappevis. Det gjev særleg utslag når eit stort årskull går ut av 10. trinn og eit mindre kull byrjar på 1. trinn. Dette var tilfelle både i 2018, 2019 og 2021. Tilflytting av elevar i skulealder vil kunna motverka denne trenden noko.

I Lustrabarnehagen gjekk det totalt 19 fleire barn i barnehagane desember 2021 enn til same tid året før. Dei fleste krinsane har 1-3 barn meir enn året før. Framskrivningane til SSB (mellomalternativet) seier at fødselskulla skal verta mindre frå og med 2022. Viss SSB-prognosen slår til, så vil talet barnehagebarn etter kvart gå ned i Luster.

3.2. Lærartettleik

Lærartettleiken i skulen vert vanlegvis rekna i høve ordinær undervisning. Omgrepet lærartettleik er nært knytt til den lovfesta lærarnormen. Lærarnormen vart fullstendig innført 2019/20 og er ein norm for forholdstalet mellom lærarar og elevar i ordinær undervisning (referert til som gruppestorleik 2). Kommunen er forplikta til å oppfylle normen for hovudstega: 1.-4. trinn (15 elevar), 5.-7. trinn (20 elevar) og 8.-10. trinn (20 elevar).

| Trinn, Luster, Sogn og Fjordane/Vestland | 2019-20 | 2020-21 | 2021-22 |
|---|---------|---------|---------|
| Lærartettleik 1.-4. trinn ordinær undervisning | 9,8 | 11,1 | 11,4 |
| Sogn og Fjordane 2019 / Vestland 2020-> | 11,69 | 13,27 | 13,24 |
| Lærartettleik 5.-7. trinn ordinær undervisning | 13,0 | 13,4 | 10,6 |
| Sogn og Fjordane 2019 / Vestland 2020-> | 12,85 | 15,92 | 15,63 |
| Lærartettleik 8.-10. trinn ordinær undervisning | 14,1 | 14,3 | 14,8 |
| Sogn og Fjordane 2019 / Vestland 2020-> | 15,04 | 16,98 | 17,01 |

| Lærartettleik 1.-4. trinn ordinær undervisning | 2021-22 |
|--|---------|
| Gaupne skule | 14,85 |
| Hafslo barne- og ungdomsskule | 14,42 |
| Indre Hafslo oppvekstsenter | 7,86 |
| Jostedal oppvekstsenter | 11,72 |
| Luster oppvekstsenter | 9,84 |
| Skjolden oppvekstsenter | 6,74 |
| Solvorn oppvekstsenter | 8,60 |
| Veitastrond oppvekstsenter | 6,67 |
| Luster kommune | 11,39 |
| Vestland | 13,24 |
| Heile landet | 13,99 |

Skuleeigar si vurdering

I Luster som har såpass mange små skular er lærarnormen i praksis eit spørsmål om dei tre større skulane - Hafslo barne- og ungdomsskule, Luster ungdomsskule og Gaupne skule - er innafør lærarnormen eller ikkje. Vanlegvis vert lærarnormen innfridd med grei margin på alle skulane. Med tanke på tidleg innsats er det særleg lærartettleiken på 1.-4. trinn som det vert sett ekstra på.

Både Gaupne skule og Hafslo barne- og ungdomsskule er kloss innpå lærarnormen og nærmar seg formelt trong for auke i årsverk. Lærartettleiken var noko betre dei åra kommunane fekk øyremerka tilskot til lærartettleik. I Lustraskulen vart då alle skulane prioriterte med noko ekstra lærartimar på 1.-4. trinn, noko som mellom anna kunne bidra til meir fleksibilitet og styrking av intensiv opplæring.

3.3. Lærarar, årsverk og utdanning

| Luster | 2019-20 | 2020-21 | 2021-22 |
|---|---------|---------|---------|
| Tal lærarar | 107 | 105 | 103 |
| Tal lærarårsverk | 87,6 | 85,0 | 85,3 |
| Tal lærarårsverk til undervisning | 79,2 | 77,5 | 78,5 |
| Undervisning gitt av lærarar med godkjend utdanning | 98,6 % | 99,0 % | 98,9 % |

| Vidareutdanning Kompetanse for kvalitet – Utdanningsdirektoratet – 2021/22 |
|--|
| Begynnaropplæring 1: 1.-7. trinn |
| Master i didaktisk praksis (matematikk) – 2 stk |
| Andrespråkspedagogikk 1: 1.-10. trinn (norsk som andrespråk) |
| Rettleiarutdanning |
| Profesjonsfaleg digital kompetanse: 1.-10. trinn |
| Lærarspesialist: Profesjonsfaleg digital kompetanse: 1.-10. trinn (år 2) |
| Lærarspesialist: Begynnaropplæring 1.-4. trinn (år 1) |
| Rektorutdanninga |

Skuleeigar si vurdering

Variasjonen i samla årsverk for undervisningspersonale er hovudsakleg knytt til tal klassar og samla omfang spesialundervisning. Samla tal lærarårsverk er om lag det same i 2021/22 som skuleåret før.

I skulane i Luster er det lite bruk av lærarar utan godkjend utdanning, og det er kvalifiserte søkjarar til dei aller fleste lærarstillingane som vert lyste ut. Tendensen er at det er flest søkjarar til skulane på Hafslo og Gaupne, så er det færre søkjarar til oppvekstsentra. Dersom denne tendensen vert forsterka, så kan det på sikt verta utfordringar med rekrutteringa til oppvekstsentra. Det som særleg er ønska i barneskulen er fleire søkjarar med lærarutdanning for 1.-7. trinn. Frå og med våren 2022 vil nyutdanna lærarar frå lærarutdanninga på høgskulane ha masterutdanning. Korleis dette vil påverka rekrutteringa og/eller korleis fagsamansetjinga vil vera hjå nye jobbsøkarar i Lustraskulen er det litt for tidleg å spå.

Når det gjeld vidareutdanning gjennom Utdanningsdirektoratet sitt system – Kompetanse for kvalitet – så har Lustraskulen i 2021/22 seks lærarar som tek vidareutdanning, to lærarar som tek vidareutdanning som lærarspesialist og ein leiar som tek rektorutdanninga. For skuleåret 2021/22 fekk Luster litt fleire avslag enn vanleg i søknadsrunden for vidareutdanning. Dette skuldast i hovudsak fagønska til søkarane og at det er få studieplassar til fag som ikkje er særleg prioriterte, sånn som norsk og matematikk. Over fleire år har det vore bra med søknadar til vidareutdanning, og det er veldig positivt for kapasitetsbygginga i Lustraskulen når det gjeld kompetanse både i basisfaga og andre fag.

4. Utviklingsarbeid i skule og barnehage

4.1. Grunnskule

Kunnskapsløftet 2020

Det faglege hovudfokuset for Lustraskulen i 2021 har vore innføringa av det nye nasjonale læreplanverket, *Kunnskapsløftet 2020 (LK20)*, også kalla *Fagfornyninga*. Dette byggjer i stor grad på føregåande læreplanverk frå 2006, men det er fleire nye element. Mellom anna er det innført tre tverrfaglege tema: *Demokrati og medborgarskap*, *Berekraftig utvikling*, *Folkehelse og livsmeistring*. Desse temaa har det vore arbeidd mykje med også i Lustraskulen.

Dei regionale treffpunkta i 2021 har også hatt fokus på nytt læreplanverk. Ved planleggingsdagane i august vart det arrangert felles digital fagøkt med tema den aktive læringsrolla og elevmedverknad. På den regionale leiarsamlinga i oktober med digital oppfølgingsøkt på elevfri dag i november var tematet sjølvregulert læring – å lære å lære.

Arbeidet med nytt læreplanverk er eit kontinuerleg arbeid som vil halda fram med ulike innfallsvinklar der også den einskilde skule vurderer kva fokus det er mest trong for i deira personale. Det er fellesarbeid som krev tid til fordjuping, refleksjon og utprøving.

Erasmus+ STEAMing

Hafslo barne- og ungdomsskule, Gaupne skule og Luster ungdomsskule deltek i eit treårig europeisk samarbeidsprosjekt ikring STEAM. STEAM står for Science Technology Engineering Art Mathematics. Det dreier seg om undervisning som er praktisk og utforskande, ein skapande skule. Opplegga er gjerne knytt til realfaga eller til kunst og handverk og teknologi i ein eller annan form.



Skulane har prøvd ut ulike opplegg gjennom året. I november vart det arrangert ei tre-dagars-STEAM-week med ulike *STEAM Challenges* for ulike alderssteg. Det var digitale møte og fagøktar for lærarar og elevane i Luster fekk møte elevar frå andre partnarland som fortalde om sine erfaringar med STEAM. I tillegg har det vore eit løpande samarbeid med Naturfagsenteret i samband med det interne arbeidet i Luster ikring STEAM og Skaperskolen. Som dokumentasjon av det interne arbeidet vart det også produsert ein eigen film frå Luster.

ViteMeir

Arbeidet med STEAM høver godt saman med opplæringa knytt til ViteMeir-senteret. ViteMeir vart høgtideleg opna 11. november 2021 og ikkje lenge etter var den fyrste klassen frå Luster på besøk. Alle klassar i Luster har i løpet av 2021/22 vore på eitt besøk på ViteMeir og gjennomgått minst eitt læringsopplegg.



24. november var det klart for fyrste besøk på ViteMeir frå Lustraskulane. 5. og 7. trinn ved Gaupne skule var debutantane på ViteMeir. Det var ekstra gildt at transportsponsor Luster Sparebank også sytte for gratis lunsj til kunnskapshungrige elevar.

Anna utviklingsarbeid

- *Livsmestring – robuste barn og ungdom.* Dette er eit femåring prosjekt og eit samarbeid mellom Luster kommune, Sogndal kommune og Fylkeskommunen. Målet er å utvikla eit heilskapleg system for arbeidet med livsmestring i skule og barnehage. I 2021 har i stor grad vore eit år for forankring og ulike kartleggingar.
- *Desentralisert kompetanseutvikling.* Gjennom denne statlege ordninga fekk Luster oppvekstsenter avd. skule og Gaupne skule tilskot til å starta opp prosjekt dei hadde søkt på saman med høvesvis Høgskulen på Vestlandet og Senter for fysisk aktiv læring.
- *Regionale og kommunale fagnettverk.* I 2021 vart det i hovudsak gjennomført kommunale fagnettverk, mellom anna begynnaropplæring og IKT. I tillegg vart det gjennomført eigne samlingar for nyutdanna lærarar leia av kommunal ressurslærer for begynnaropplæring.
- *Den naturlege skulesekken.* Skjolden oppvekstsenter og Gaupne skule deltek i denne ordninga med tilskot frå Utadnningsdirektoratet. Berekraft er eit sentralt tema i denne satsinga.
- *Bruk av ulike digitale verktøy – heimeundervisning.* Kommunal ressurslærer i IKT heldt kurs om bruk av OneNote og Teams, relevante ressursar og programvare, omvendt undervisning, spørsmålsrunde og erfaringsutveksling.

4.2. SFO

I 2021 har SFO hatt samanfallande utviklingsarbeid med barnehagane; psykisk helsefremjande leikemiljø. STYD kommunikasjon har hatt fagsamling for tilsette i SFO i samband med innføringa av ny nasjonal rammeplan for skulefritidsordninga gjeldande frå august 2021. På elevfri dag i november var det fagøkt for SFO og skule i lag med psykologspesialistane Ida Brandtzæg og Stig Torsteinsson om korleis skapa tryggleik og gode relasjonar i skule og SFO. Her deltok også skulehelsetenesta og PPT. Brandtzæg og Torsteinsson står bak innføringa av COS-programmet i Noreg. Det skapar ein felles pedagogisk plattform når tilsette i både barnehage, skule og SFO har felles fagøktar og inspirasjon.



Ida Brandtzæg og Stig Torsteinsson i aksjon.



Aktivitetstøkt på SFO på Hafslo.

Skuleåret 2021/22 har det vore sett inn ein fellesressurs på SFO. Ingrid Mork Nygård har vitja dei ulike SFO-ane i kommunen etter tur og tilbydd ulike opplegg for fysisk aktivitet og rørsleglede. Etter planen held dette fram også neste skuleår.

4.3. Barnehage

Psykisk helsefremjande barnehagar

Psykisk helsefremjande barnehagar er hovudsatsinga til Luster kommune når det gjeld utviklingsarbeid i barnehagen. I 2021 heldt Luster kommune fram samarbeidet med STYD kommunikasjon ved Line Melvold og kollegaer. Hovudmålet med satsinga er å gjera dei tilsette betre i stand til å arbeida psykisk helsefremjande og skapa trygge og utviklande barnehagar.

I 2021 vart det i september gjennomført ei samling med STYD kommunikasjon for leiarane i barnehagen og ei samling for alle barnehagetilsette. Temaet på samlingane var høvesvis leiing av personalgrupper og samarbeid i psykisk helsefremjande barnehagar, internt i personalet og eksternt med foreldre.

Arbeid med leikemiljøet og vaksenrolla har dei siste åra vore eit gjennomgåande tema, og barnehagane har hatt tilgang på filmar med oppfølgande diskusjonsoppgåver frå STYD som er brukt både i personalet som barnehagebasert kompetanseutvikling og på foreldremøte.

Ny barnehagelov med søkelys på trygt og godt barnehagemiljø og inkludering, førebygging og handtering av mobbing i barnehagen var eit hovudtema på fagsamling for oppvekstleiarar i september. Kurshaldar var Guttorm Helgøy, som til vanleg arbeider for Læringsmiljøsenderet. Andre tema for både barnehage og skule var autoritetsutfordringar, kompetanseheving og samsnaking i kollegiet om felles standardar og handtering samt foreldresamarbeid.

12. november var det fellessamling for alle barnehagetilsette i kommunen med tilknytningspsykologane Brandtzæg og Torsteinsson om trygge vaksne og skaping av gode relasjonar.



Leiarar frå barnehage og skule på fagsamling i Fjærland. Kurshaldar Guttorm Helgøy heilt til høgre.

Anna utviklingsarbeid

- *COS-foreldrerettleiingskurs.* Vinteren 2021 vart det gjennomført eit foreldrekurs i Gaupne.
- *Regional kompetanseutvikling.* Gjennom denne statlege ordninga fekk Luster oppvekstsenter avd. barnehage tilskot til å starta opp utviklingsprosjekt i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet hausten 2021. Temaet for Luster oppvekstsenter si satsing er eit inkluderande barnehagemiljø for omsorg, leik, læring og danning.
- *Regionale og kommunale fagnettverk.* I oktober 2021 vart det arrangert ei to-dagars-regional leiarsamling for barnehage og skule i oktober i Balestrand. På dagsorden stod temaet leiing generelt, det å handtera krysspress i leiarrolla og «den vanskelege samtalen» spesielt. Leiarsamlinga vart gjennomført i samarbeid med HVL som stod for kurshaldarar. I tillegg vart det gjennomført møte i det regionale styrarnettverket.
- *ACTNOW.* I 2021 deltok Skjolden barnehage som tiltaksbarnehage og Gamlestova barnehage som kontrollbarnehage i forskings- og kompetanseprosjektet ACTNOW i regi av Høgskulen på Vestlandet. Hovudmålet i prosjektet er å utvikla ein effektiv og berekraftig modell for auka fysisk aktivitet i barnehage og å undersøkje effekten av fysisk aktivitet på barn si generelle utvikling, læring og helse

5. Tema: Lekser

Bakgrunn: Vedtak i kommunestyret 17.12.2020:

71/20: Økonomiplan og planleggingsprogram 2021-24. Budsjett 2021

Lekse:

Rådmannen får i oppdrag å greia ut eit framlegg til prøveprosjekt på «lekser som øving og førebuing» med vekt på tidlegare prosjekt som har vore gjennomført på Luster ungdomsskule.

Prosjektet det vert referert til i vedtaket, vart gjennomført ved Luster ungdomsskule i 2005/06 og var ei ordning med studietid. Konkret vart studietida organisert som ein fast studietime per veke per trinn (60 minutt), fredagar ved frigjort tid og klassens time ved frigjort tid. Ved alle desse tidspunkta var det lærarar i klasserommet som kunne bistå med hjelp til det kvar enkelt elev hadde avgjort at vedkomande skulle arbeida med. Erfaringane med studietid i skuletida tilsa at mange nytta det til arbeid med matematikk, jf. utfyllande beskriving frå Ap i epost til kommunalsjef oppvekst.

Oppfølging av vedtaket

Vårsemesteret 2021 har lekser / heimearbeid vore tema i skulane, i rektorkollegiet og i FAU og SU-møte ved dei einskilde skulane. Temaet skapte mykje debatt, både når det gjeld lekse spørsmålet generelt og om korleis lekser og heimearbeid vert organisert lokalt ved eininga. Utdanningsforbundet i Luster hadde 17.02.21 innlegg på trykk i Sogn Avis om lekse spørsmålet der dei ser ein leksebevisst skule som ein integrert og naturleg del av fagfornyingsprosessen og skriv mellom anna:

«Lekser er ikkje det same for dei yngste elevane som for dei eldste, eller frå ein skule til ein annan, og lekser er ikkje det same no som for tjue år sidan. Me lærarar veit betre enn nokon at me ikkje må gje lekser som elevane ikkje kan klare, og me veit at læring og øving er to sider av same sak. Me veit og at skulen sitt kjerneoppdrag er å bidra til sosial utjamning. Me har allereie stor leksebevisstheit.»

I mai 2021 presenterte Utdanningsdirektoratet ein [gjennomgang av ulike lekseforskning](#) inkludert råd og refleksjonsspørsmål til støtte i arbeidet på skulane. Hovudfunn var mellom anna:

- *Tida elevane brukar på lekser og skulearbeid på fritida er redusert frå 2015*
- *Lekser er ofte repetisjon og trening i grunnleggjande ferdigheiter*
- *Elever lærer best når dei får lekser som vekker interessa deira og dei veit kva dei skal lære, korleis dei best lærer og kan vurdere si eiga læring*
- *Lekser bidreg til litt betre læring for elevar på ungdomstrinn og i vidaregåande skule, men det er andre skulefaglege faktorar som bidreg meir til læringa*
- *Sosial støtte frå føresette bidreg til betre lesevaner, men støtte i metode i fag frå føresette, særleg i matematikk, kan føre til konflikter mellom elevar og føresette*

Med utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet si utgreiing laga Oppvekst ein presentasjon inkludert refleksjonsspørsmål som skulane nytta på FAU / SU-møte. Refleksjonsspørsmåla var:

- *Korleis kan heim og skule samarbeide om lekser?*
- *Viss elevane skal ha lekser, kva slags lekser bidreg til at dei lærer best mogleg?*
- *Korleis kan lekser verte handterlege for elevane, både når det gjeld mengd og innhald?*
- *Kan elevane motiverast til å gjere skulearbeid på fritida utan at dei får lekser?*

Nedanfor er nokre sitat frå referata i FAU og/eller SU-møta i mai/juni 2021 om lekser:

Skjolden oppvekstsenter

FAU meiner at det er bra med lekser. Det bør vere repetisjon og førebuing. Leksene må vere tilpassa oppover og nedover. Tilbakemelding frå SU: Kjekk måte å følgje med på kva elevane gjer på, det må vere repetisjon og førebuing, tilpassa eleven, foreldre kan følgje med eleven fagleg, så ein får ikkje store «overraskelsar» på utviklingssamtalen.

Solvorn oppvekstsenter

SU-møte: Foreldre tykkjer tilpassa heimearbeid er ok, og dersom heilt leksefritt, bør skuledagen utvidast. Skal ein bli «god» i noko, må ein også ha tid til å øve. Motivasjon er ein viktig faktor – skulen bør opplevast meningsfull og viktig. Viktig med god dialog skuleheim. Foreldre kjenner eleven best på heimebane – lærarane kjenner eleven best på skulen. Skulen vil prøva å leggja meir vekt på ei praktisk tilnærming til heimearbeidet, og det ideelle er når eleven sjølv vil halde fram med skulearbeidet heime.

Hafslo barne- og ungdomsskule:

FAU ved HBUS er positive til ein gjennomgang av lekser og har difor komme frem til desse punkta:

- Skule og heim må ha eit tett samarbeid. Viktig at skulen legg fram kva forventningar dei har til leksene og når foreldre skal ta kontakt. Viktig at foreldre kjem til lærar når ting ikkje fungerer.
- Det er viktig at elevane får lekser som er tilpassa deira nivå.
- Det bør gå meir på tid slik at både svake og sterke elevar får passe mengde lekser når dei skal øva heima.
- Viktig at det er variasjon i leksene. Og at leksene er repetisjon eller enkel førebuing.
- Ønske om leksehjelp på ungdomsskulen med pedagog. Tett dialog mellom heim og skule om behovet for leksehjelp på ungdomstrinnet.
- Det er viktig at ein tek seg tid til å «snu alle steinar» for å finne metodar som fungerer godt og varierar, både vidareføring av eksisterande så vel som nye metodar (finne beste praksis).

Gaupne skule

Oppsummering frå spørsmåla:

Viss elevane skal ha lekser, kva slags lekser bidreg til at dei lærer best mogleg?

I somme fag er det veldig viktig med mengdetrening og repetisjon for at elevane skal lære mest mogleg. I andre fag kan det vere lurt å leggje opp til meir kreative oppgåver. Fleire i FAU tykte at grublis-oppgåver er ein fin måte å lære elevane å tenkje utanfor boksen. Heimane kan involverast i nokre oppgåver ved at elevane får i oppgåve å diskutere med dei.

Korleis kan lekser verte handterlege for elevane, både når det gjeld mengd og innhald?

Lekser bør vere repetisjon og øving til prøvar. Ein kan gjere individuelle tilpassingar etter avtale med heimane. T.d. setje ei tidsbegrensing på maks ein halv time til skulearbeid. Då bør ein også avtale kva lekser som skal prioriterast. Elevane må lærast opp til å finne instruksjonsvideoar på nettet dersom dei strevar med t.d. mattelekser og foreldra ikkje kan hjelpe dei.

Jostedal oppvekstsenter

Spørsmåla frå kommunen:

1 og 2) Samarbeid skule-heim og korleis blir det lagt opp med lekser i dag: Skulen får knapt nok (aldri?) tilbakemelding frå foreldra om at det er for lite lekser. Somme har meldt tilbake at det burde vere meir lekser, og då har skulen funne ekstraoppgåver til dei som har kapasitet. Mette: leksene skal ikkje ta meir enn ein halvtime heime kvar dag (vekedagane). Viktigaste tiltak når det gjeld foreldreinvolvering: gå gjennom vekeplanen.

Skuleeigar si vurdering

Vårsemesteret 2021 var lekser, leksebevisst skule og studietid mykje debattert i skulane i Luster. Alle skulane vektlegg og semjast om omgrepet leksebevisst skule. Det er også tydeleg i attendemeldingane frå personalmøte og frå referata i FAU/SU der temaet lekser er på dagsorden.

Nasjonalt har lekser også vore debattert i 2021, særleg på grunn av at lekser er tematisert i forslag til ny opplæringslov. I forslaget som vart sendt ut på høyring frå regjeringa 26. august heiter det at: «Skolen kan pålegge elevene å gjøre oppgaver (lekser) utenfor skoletiden. Loven bør også presisere at det skal tas hensyn til elevenes rett til hvile og fritid.» Det er naturleg nok ulike meiningar om at lekser no kjem inn i opplæringslova og at ordet «pålegge» vert nytta. Den nye opplæringslova er ikkje fastsett enno.

Fleire skular i Luster har hatt ordningar med studietid i skuletida i nokre år allereie, og somme skular har starta opp med prøveordning inneverande skuleår. Nokre av ordningane vert presenterte nedanfor.

Skildring av eit utval lekseordningar og lekseforsøk 2021/22:

Gaupne skule:

7. klasse har heile skuleåret brukt siste time fredag til arbeid med lekser på komande veke sin vekeplan. Dei vel sjølv kva type lekser dei gjer i denne timen, men dei aller fleste byrjar med lekser dei treng hjelp frå læraren til å gjere. Sidan alle lekser er repetisjon, er det ikkje så mange som treng hjelp. 7. klasse har også hatt ei ordning der dei har leksefri kvar 3. veke.

Dette har gått svært bra. Både elevar og lærarar er svært nøgde. Dei som brukar tida effektivt har ikkje att så mykje lekser når dei tek helg. Både elevar og føresette har vore svært nøgde med leksefri kvar 3. veke.

Luster ungdomsskule:

Me har jobba med å vere leksebevisst skule der volum og innhald skal gjenspegle nivået til eleven. Har hatt tilbud for einskildelevar om morgonen før skuletid for å ha ein mjuk start, særleg retta mot matematikk.

Hafslo barne- og ungdomsskule:

Har hatt 45 min. med leksehjelptilbod til ungdomsskuleelevar som eit nytt tilbod. 4-5 elevar har nytta seg av tilbodet så langt.

Jostedal oppvekstsenter:

Me har alltid hatt dette 1-2 timar i veka måndag/tysdag for 4.-7.kl. Me har generelt lite lekser, og ei ståande avtale med foreldre om at dei skal melde frå viss barnet deira må bruke meir enn ein halvtime på lekser kvar av dagane mån-tys-ons-tors.

Alle - både elevar, lærarar og foreldre rapporterer at dette er ei god ordning. Nokre foreldre har sakna å følgje meir med på kva elevane driv med av skulearbeid, men dette er løyst (for mange år sidan) ved at me har ei ordning med fast vekeplan-gjennomgang med underskrift frå foreldra. Her går eleven gjennom vekeplanen og forklarar foreldra omgrepa det har handla om i dei ulike faga, markerer ord viss noko er vanskeleg, så tek med det opp i den faste "vekeplantimen" på måndag. Slik får elevane jamleg øving i å forklare (og dermed repetere) det dei har lært, og ta med vanskelege omgrep tilbake til klassen - så ser dei at det alltid er andre som tykte det var vanskeleg òg!

6. Tema: Tidleg innsats

Bakgrunn: Vedtak i kommunestyret tilstandsrapport 27.05.2021

27/21: Tilstandsrapport for Oppvekst Luster kommune 2020

Neste års tilstandsrapport skal ha eit eige avsnitt med oversikt over tiltak knytt til tidleg innsats i barnehage og skule. Inkludert i dette ei vurdering av verknad av tiltaka.

Tidlig innsats må forstås både som innsats på et tidlig tidspunkt i barns liv, og tidlig inngripen når problemer oppstår eller avdekkes i førskolealder, i løpet av grunnopplæringa eller i voksen alder.

St.meld. nr. 16 (2006-07) ... og ingen sto igjen – Tidlig innsats for livslang læring, s. 10

Tidlig innsats betyr et godt pedagogisk tilbud fra tidlig småskolealder, at barnehagene og skoler arbeider for å forebygge utfordringer, og at tiltak settes inn umiddelbart når utfordringer avdekkes.

St.meld. nr. 6 (2019-20)


Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO, s. 12

Tidleg innsats har vore eit sentralt omgrep og prinsipp i utdanningspolitikken dei siste tiåra. Fleire stortingsmeldingar har teke føre seg temaet tidleg innsats i ulike samanhengar. Når det gjeld definisjonen av tidleg innsats i oppvekstssamheng, så er det gjerne to fellesnemnarar som går att, jf. sitata frå stortingsmeldingane ovanfor:

- tidleg innsats i form av tiltak tidleg i eit barns liv; dvs. i barnehage- eller tidleg småskulealder
- snarlege tiltak når utfordringar eller problem vert avdekkja

I rammeplanen for barnehagen vert det peika på at «Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod.» (s. 40). I opplæringslova er tidleg innsats direkte knytt til lovkravet om intensiv opplæring, spesifisert ved at skulen skal sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventna progresjon blir nådd, jf. opplæringslova § 1-4. *Tidleg innsats på 1.-4. trinn.*

Tidleg innsats er tett knytta til førebygging og til førebyggjande tiltak på ulike nivå. Det er vanleg å skilja mellom universelle tiltak (for alle), selektive tiltak (for grupper) og indikative tiltak (individuelle). Denne inndelinga er også nytta i oversikta av tidleg innsats-tiltak på barnehage- og skuleområdet nedanfor. I og med at tidleg innsats er eit omgrep og prinsipp som femner vidt, så lyt det i denne samanhengen gjerast ei avgrensing av tiltak. Oversikta viser difor eit utval sentrale tiltak og er ikkje ei endeleg utfyllande liste.



| Tiltak | Barnehage | Skule |
|--|---|--|
| Indikert nivå (strategiar og tiltak retta mot einskildbarn/-elevar) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Spesialpedagogisk hjelp - IUP ▪ Individuell plan | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Spesialundervisning - IOP ▪ Individuell plan ▪ Ungdomslos |
| Selektivt nivå (retta mot moglege risikogrupper / risikosituasjonar) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Forsterka oppstart flyktningebarn (eingongstilskot) ▪ HSP-møte ▪ Familieforum (drøfting med BUP) ▪ Styrkingstiltak innafor det ordinære barnehagetilbodet | <ul style="list-style-type: none"> ▪ Intensiv opplæring 1.-4. trinn ▪ HSP-møte ▪ Familieforum (drøfting med BUP) |
| Universelt nivå (allmennførebygging, retta mot alle barn / elevar) | <ul style="list-style-type: none"> ▪ 4-års-kontroll skulehelsetenesta ▪ Satsinga på psykisk helsefremjande barnehagar ▪ Foreldreretteleing i gruppe (COS) ▪ Oppstartsamtale med føresette ▪ Vikartiltak: flytande vikar ass.styrrar / forsøk auka grunnbemanning ▪ Programmet «Psykisk førstehjelp» ▪ Handlingsplan mot vald i nære relasjonar ▪ Overgangsrutinar barnehage-skule inkludert overgangssamtale der helsesjukepleiar er med ▪ Barnehagehelsesjukepleiar | <ul style="list-style-type: none"> ▪ 6-års kontroll skulehelsetenesta ▪ Nasjonale kartleggingsprøvar ▪ Rutinar for å oppdaga vanskar / observasjon ▪ Kompetanse snakkemedbarn.no ▪ IBOS – PALS – COS ▪ Kompetanseheving – vidareutdanning basisfag ▪ Fagnettverk begynnarpplæring og tilpassa opplæring ▪ Ressurslærar begynnarpplæring ▪ Vidareutdanning spesialpedagogikk ▪ Handlingsplan mot vald i nære relasjon ▪ Lesesamtale 1. trinn ▪ Helsesjukepleiar |

Barnehage- og skuleeigar si vurdering

Det er ei rekke tiltak i barnehage- og skulesektoren som fell innunder tidleg innsats-paraplyen. Dei aller fleste inngår i eit årshjul eller som del av det systemiske og rutinemessige arbeidet. Somme tiltak er lovpålagde, som til dømes 4-års og 6-års-kontrollane. Ein del tiltak gjeld alle barn, nokre gjeld ei gruppe og nokre tiltak er retta mot einskildbarn og familiar. Fleirtalet av dei opplista tiltaka fungerer godt og tilfredsstillande. Somme tiltak er under jamleg evaluering, noko som i enkelte tilfelle fører til endring av prosedyre eller rutinar.

Fleire tiltak er felles for alle barnehagane og alle skulane, til dømes tverrfaglege HSP-møte (HSP = helse- og sosialpedagogisk team) der eininga deltek i tillegg til helsestasjonen, PPT og barnevern) der ein kan diskutera utfordringar anonymt eller namngjeve med samtykke. Intensiv opplæring – som er ei plikt for alle skular på 1.-4. trinn – er eit anna tiltak som alle einingane gjennomfører, men på ulike måtar avhengig av skulestorleik og kompetanse.

Spesialpedagogisk hjelp i barnehage og spesialundervisning i skulen er døme på tiltak retta mot enkeltbarn. Her er det krav om årleg evaluering i form av årsrapport sett opp mot kva individuelle mål som er sett for opplæringa til akkurat dette barnet eller eleven.

Tidleg innsats og førebyggings-perspektivet er også ein vesentleg del av den nye oppvekst-reformen (barnevernsreformen) og vil inngå som ein naturleg del av arbeidet med kommunal plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsproblem. Denne planen er det lovkrav om at skal leggjast fram for kommunestyret.

I diskusjonar i leiarkollegiet i barnehage- og skulesektoren så er det desse innspela som det er mest semje om når det gjeld ønske om nye tidleg innsats-tiltak, eventuelt forsterking av eksisterande tiltak:

Barnehage:

- Tilgang på styrkingsressursar som kan setjast inn i eit avgrensa tidsrom når det er utfordrande barnegrupper/einskildbarn, meir systematisk innsats overfor minoritetsspråklege barn
- Auka grunnbemanning (her vil det verta eit prøveprosjekt i Gaupne frå hausten 2022)
- Satsing på kompetanse – særleg åtferdsproblematikk, spesialpedagogikk og arbeid med minoritetsspråklege barn
- Rettleiing frå spesialpedagog – meir spesialpedagogisk kompetanse – dialog med PPT
- Lågterskeltilbod logoped

Skule:

- Meir fleksible ressursar til bruk på 1.-4. trinn. Eit ønske om å gjeninnføre potten til auka lærartettleik som sist vart gjeve våren 2020. Dette gjev betre høve for skulane til å følgja opp kravet om intensiv opplæring mot elevar som står i fare for å henga etter i lesing, skrivning og rekning. I 2019 var dette tilskotet på 1,3 millionar kroner.
- Fast miljøretteleiarressurs i 1. og eventuelt 2. klasse på dei største skulane for å førebyggje åtferdsproblematikk og redusera behovet for spesialundervisning
- Endå fleire høve til erfaringsdeling mellom skulane, særleg oppvekstsentra
- Lågterskeltilbod logoped
- Framhald styrking skulehelseteneste og tilbod om foreldrerettleiing (COS)

7. Spesialundervisning og tenestekjøp PPT

7.1 Statistikk spesialundervisning 2021/22

Tabellen og diagrammet nendafor syner høvesvis:


- prosentdel elevar som får spesialundervisning i grunnskulen
- tal elevar som får spesialundervisning
- sum årstimar til spesialundervisning per elev i grunnskulen
- total sum årstimar til spesialundervisning i kommunen, fylket, kostragruppe 5 og landet
- fordeling av spesialundervisning på hovudstega: 1.-4. trinn, 5.-7. trinn, 8.-10. trinn
- utvikling tal årsverk nytta til spesialpedagogiske tiltak 2008-2021 med spesialpedagog og assistent / miljøretteleiar samt utvikling prosentdel spesialundervisning i Lustraskulen

| Nøkkeltal 2021 | Aurland | Høyanger | Luster | Lærdal | Sogndal | Vik | Årdal | Vestland | Kostragr. 5 | Landet |
|--|---------|----------|--------|--------|---------|-------|-------|----------|-------------|-----------|
| Elevar med spesialundervisning i prosent | 6,2 | 8,8 | 11,7 | 12,1 | 11,1 | 9,1 | 6,5 | 7,5 | 9,5 | 7,8 |
| Tal elevar som får spesialundervisning | 10 | 35 | 73 | 27 | 155 | 27 | 34 | 5 747 | 1 204 | 49 173 |
| Årstimar spesialundervisning per elev | 111,1 | 274,1 | 201,2 | 199,4 | 115,5 | 253,7 | 246,0 | 148,6 | 162,4 | 144,4 |
| Sum årstimar til spesialundervisning | 1 111 | 9 594 | 14 691 | 5 383 | 17 897 | 6 850 | 8 364 | 854 286 | 195 481 | 7 100 751 |

Elevar i kommunale og private grunnskular som får spesialundervisning

| 2021/22 | Luster kommune | Nasjonalt |
|--------------|----------------|-----------|
| 1.-4. trinn | 11,4 | 4,9 |
| 5.-7. trinn | 15,0 | 9,2 |
| 8.-10. trinn | 9,0 | 9,8 |

Utvikling prosentdel og ressursbruk spesialundervisning 2008-2021



Skuleeigar si vurdering

Skuleåret 2021/22 er det totalt 73 elevar i Lustraskulen som har enkeltvedtak om spesialundervisning. Dette er fire elevar meir enn året før. Prosentvis utgjer dette 11,7 % av elevane i Luster. Dette er litt høgare enn i fjor. Landssnittet for spesialundervisning er 7,8 %, for Vestland fylke er det 7,5 % medan det er 9,5 % for Kostragruppe 5. Såleis ligg Lustraskulen høgare enn både fylkes, Kostra og landssnitt. I Sogn ligg Høyanger, Vik, Sogndal, Lærdal og Luster over landssnittet medan Årdal og Aurland ligg under snittet for spesialundervisning.

Dersom ein ser på ressursomfang, dvs. årstimar spesialundervisning per elev, så er landssnittet 144,4 årstimar per elev. Snittet i Luster for 2021/22 er 201,2 timar per elev. Året før var snittet for Luster 216 timar per elev. Nivået på tal timar spesialundervisning per elev i Luster er ganske likt med Lærdal, mindre enn Vik, Årdal og Høyanger, men vesentleg meir enn det Aurland og Sogndal nyttar. Noko av forklaringen kan knyttast til skulestrukturen i Luster med mindre mulegheiter for samkøyring av spesialundervisning. Hovudforklaringa er at det er mange elevar i Luster med store hjelpebehov.

Nasjonalt har trenden over fleire vore at omfanget spesialundervisning i skulen aukar dess eldre elevane er. Med andre ord er det minst spesialundervisning på 1.-4. trinn, det aukar på 5.-7. trinn og det er mest spesialundervisning på ungdomssteget. Dette har også vore tendensen i Luster, men både i 2020/21 og i 2021/22 er det slik at det er mest spesialundervisning på småskulesteget og minst på ungdomssteget. Sånn sett liknar Luster sin statistikk litt meir på den finske situasjonen enn den norske.

Dette har sjølvst sagt også noko med kor mange barn det er med spesialundervisning på ulike alderssteg. I eit lite samfunn som Luster vil denne fordelinga mellom årskulla ha mykje å seia for statistikken. Vonleg er det også slik at dette er ein indikasjon på at dei elevane som treng tilpassa opplæring utover det ordinære tilbodet, dvs. dei som treng spesialundervisning, tidleg vert fanga opp i Lustraskulen.

Samla omfang spesialundervisning er mykje likt med tidlegare år, med i overkant av 20 årsverk til spesialundervisning. Dette talet inkluderer også spesialundervisning for gjesteelevar, det vil seia elevar som er i fosterheim og er registrerte med anna heimkommune enn Luster. Spesialundervisning for desse elevane vert dekkja av heimkommunen, slik også Luster må dekkja spesialundervisning for barn og elevar som går i barnehage eller på grunnskule i andre kommunar.

Samanlikna med førre skuleår er det ein auke i ressursbruken til spesialpedagog sjølv om det er fleire elevar med vedtak om spesialundervisning inneverande år enn i fjor. Forklaringa er at det er fleire elevar med mindre vedtak. For assistent/miljørettleiar i spesialundervisning er det ein auke på om lag 0,7 årsverk samanlikna med året før.

Svingningane i årsverk har samanheng med kva behov elevane har og kva type kompetanse som vert tilrådd frå PP-tenesta. Ein del av auken i miljørettleiar/assistent kan tilskrivast større trong for oppfølging av elevar med sosiale- og/eller åtferdsutfordringar. Dette er også ein trend ein kan kjenna att på nasjonalt nivå.

7.3 Tenestekjøp PPT 2021/22

Bakgrunn: Vedtak i kommunestyret tilstandsrapport 27.05.2021

27/21: Tilstandsrapport for Oppvekst Luster kommune 2020

Rapporten skal i framtida innehalde ei kvalitetsvurdering av "tenestekjøpet" på PPT-tenester.

Skuleeigar si vurdering

Luster kommune deltek i ei interkommunal PP-teneste der Sogndal kommune er vertskommune. Dei andre samarbeidskommunane er Aurland og Vik. PP-tenesta samarbeider med kommunen om enkeltsaker, saker på systemnivå og deltek i barnehagane og skulane sine HSP-møte (helse- og sosialpedagogisk team). Luster kommune kjøper om lag 1,8 årsverk med sakshandsamarar frå Sogn PPT. Sogn PPT administrerer også logopeditilbodet for Luster kommune. Luster kommune har avtale om kjøp av 43 % logopedistilling. I eit par år har Luster kjøpt 10 % ekstra med logopedihjelp, når det har vore mogleg.

Vanleg saksgang for PP-tenesta er som følgjer: Barnehage, skule, føresette uroar seg over utviklinga hjå eit barn, barnehagen/skulen prøver ut eigne tiltak (førtilvisingsfasen), føresette bestemmer seg for å tilvise barnet til PPT, saman med tilvisinga frå føresetet følgjer det ein pedagogisk rapport frå barnehage/skule, PPT opnar sak og undersøker, undersøkinga konkluderer med at barnet anten har – eller ikkje har rett på spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova § 31 eller opplæringslova § 5.1. Føresette får oversendt ei sakkunnig uttale som ligg til grunn for enkeltvedtaket som styrar (i Luster = Oppvekst) eller rektor skal skriva.

Kvalitetsvurderinga er gjennomført i nær dialog med leiargruppa i barnehage og skule. Omfanget av vurderinga har teke omsyn til administrativ kapasitet hjå Oppvekst og kva som vert vurdert som mest hensiktsmessig.

I tillegg til å følgja opp enkeltbarn og enkeltelevar i form av undersøking, observasjon og sakkunnig vurdering, så deltek PPT også i systemisk arbeid, både ved deltaking på HSP-møte, på årlege temamøte med Oppvekst og rektorane/spes.ped.koordinatorar, i regionalt samarbeid og elles ved behov.

Dette uttalar einingane at dei er nøgde med når det gjeld Sogn PPT:

- eit fleirtal av einingane – både barnehage og skule – uttalar at det er lett å koma i kontakt med PPT
- at dialogen er god og nyttig, sakshandsamarar er imøtekomande og positive
- at sakshandsaminga verkar å gå noko snøggare
- at PPT er gode på kartlegging
- det beste er når dei er innom regelmessig, kan vera heile dagen og følgja opp både barn, tilsette og føresette

Oppvekst opplever også at det er lett å ta kontakt og få gehør for problemstillingar, at PPT er på tilbodssida når det trengst å hjelpa til på systemnivå, til dømes ved deltaking i nettverk, eller det å få på innspel på kommunale prosedyrer og rutinar ikring spesialundervisning.

Dette uttalar einingane på spørsmål om kva som kunne vore betre med Sogn PPT:

- endå meir kompetanse på åtferd og handtering av åtferdsvanskar
- at sakkunnige tilrådingar var ferdige i god tid før tilsetjingsprosessane på våren
- at PPT er endå meir til stades i førtilvisingsfasen, også gjennom rettleiing
- at rettleiing og oppfølging kan vera noko varierende
- at PPT er endå meir til stades ute på einingane
- innføring av lågterskeltilbod logopedi

Sogn PPT har i dag svært mange saker frå Luster, spesielt på skulesida. Det er inga tvil om at såpass mange enkeltsaker avgrensar kapasiteten og mulegheiten Sogn PPT har til å arbeida meir på systemnivå og med rettleiing til einingane. Det er difor eit spørsmål om ikkje tal årsverk Luster kommune kjøper frå Sogn PPT burde vore auka, dette også med tanke på innføringa av oppvekstreformen, at Statped skal redusera tenestetilbodet sitt frå og med 2025 og at det vert forventa at kommunane i større grad skal vera sjølvhjulpne med basis-kompetanse. Samstundes er det Oppvekst si oppfatning at det parallelt må arbeidast for å redusera tal enkeltvedtak med spesialundervisning og byggja opp kapasiteten i høve tilpassa opplæring både generelt innanfor ordinær opplæring og meir spesifikt innfor spesialundervisning.

Sogn PPT er sjølv av den formeining at noverande årsverk ikkje strekk til i høve forventningane dei møter, ikkje minst med tanke på systemarbeid. Det er også eit spørsmål om ikkje ressursen som går bort til køyring i eit langstrakt Luster har vore noko underestimert. Sogn PPT uttalar til Oppvekst at dei kunne tenkja seg å leggja meir vekt på førtilvisingsfasen, noko som har vore ei sams oppfatning og der det har vore gjort nokre tiltak dei siste par åra. Det er om å gjera å koma tidleg inn i moglege sakar, også for PP-tenesta. Sogn PPT har også eit ynskje om å kunne arbeide meir systemretta som til dømes med rettleiing og tidleg innsats for på den måten redusere trongen for spesialundervisning.

Så er det også Oppvekst si oppfatning at innføring av eit lågterskeltilbod i logopedi ville vore gagnleg og ønska. Det har vore utfordringar med sjukmeldingar og lågare kapasitet, men vonleg vil det vera ei meir normalisert drift frå og med hausten 2022.

8. UngData 2021

Ungdata er ei omfattande barne- og ungdomsundersøking der elevar svarar på spørsmål om korleis dei har det og kva dei driv med på fritida. UngData gir eit godt innblikk i korleis det er å vera ung i Noreg i dag. Ungdomsskulane i Luster har teke denne undersøkinga tidlegare medan det var første gongen elevane på 5.-7. trinn tok undersøkinga (UngData Junior).

8.1 Ungdata Junior 5.-7. trinn

Hovudpunkt frå UngData Junior:

- 90 % deltaking
- *Dei aller fleste barn tykkjer sjølv at dei har eit bra liv*
- *Litt fleire gutar enn jenter er nøgde med slik som dei har det*
- *Litt fleire jenter enn gutar kjenner seg ofte stressa*
- *Litt fleire jenter enn gutar gruar seg veldig når dei skal ha prøve*
- *Det varierer ganske mykje kor mykje søvn barn rapporterer*
- *Dei fleste barn er sikre på at dei har minst éin god ven som dei stoler heilt på*
- *Det store fleirtalet av barn er veldig nøgde med foreldra sine*
- *Mange foreldre investerer mykje tid og ressursar i barna sine. Kanskje er dette grunnen til at barn flest har ei så positiv oppleving av foreldra sine?*

- 85 % av alle dei spurde er veldig eller ganske nøgd med skulen dei går på
- Dei fleste barn opplever gode relasjonar til lærarar og til dei andre elevane i klassen
- Dei aller fleste barna opplever det som trygt å ferdist i nærområdet sitt. Dei fleste opplever òg skulevegen som trygg
- Det er stor variasjon mellom barn når det gjeld kor mykje tid dei bruker framfor einskjerm i løpet av ein vanleg dag

8.2 Ungdata 8.-10. trinn

Torsdag 4. november 2021 presenterte kompetansesenteret [KoRus Vest Bergen](#) dei lokale resultatane frå ungdomsskulane i kommunen og frå Sogndal vidaregåande skule på ei samling på Gaupnetunet. Med 18 ungdomar, tilsette frå ulike tenester i kommunen; oppvekst, skulane, helsestasjon, NAV, kultur, folkehelse, barnevern og politi – samt representantar frå FAU ved dei to ungdomsskulane var det ein flott og engasjert gjeng som deltok.

Frå oppsummeringa av møtet vart desse punkta nemnde:

- *Ungdommen søv mindre («Søv 6 timar eller mindre: 18 % gutar og 22 % jenter»)*
- *Kvifor er det ein del som gruar seg til å gå på skulen?*
- *Det er ein del ungdom som ikkje opplever at dei har nære venner.*
På ungdomsskule 19 % jenter og 13 % gutar
- *Me ser ein utvikling i høve psykiske helseplager siste 10 åra nasjonalt (bekymring, føler seg einsam, kjenner seg ansente m.m.). Særskilt jenter skårar høgt på psykiske helseplager – høyrer dette med til ungdomstida no? Me ser også dette i 5. – 7. trinn. Kva legg ungdommen i desse punkta?*
- *Sosial ulikskap: Barn som opplever at føresette har dårleg råd trivst også dårlegare på skulen. Ein ser også samanheng med at desse ungdommane drikk meir, er meir triste og deprimerte. Kva tiltak har me?*
- *Alkohol: Ungdommen i distrikta drikk meir enn byane. Når skal vi vere bekymra? Tala viser samanheng mellom alkoholbruk og reglar i heimen.*
- *Fritidsaktivitetar: Ser nedgang i deltaking – truleg pga. pandemi. Viktig å få ungdommen inn att i desse aktivitetane. På denne arena får ein sosiale ferdigheitar, venner, opplever meistring, glede og bygger nettverk.*
- *Dataspel: Det er mykje bra med dataspel – ungdommen er med venner, får sosial ferdigheitar etc. Dette er ofte ein kjelde til ugreie i heimen. Men er føresette like flinke til å sette seg inn i spela, ser på og snakke med ungdommen? Slik som ein ofte gjer når dei er på fotballtrening? På YouTube kan ein søke foreldreregulering og sjå video korleis regulere dataspel i heimen. Gutar skårar høgt på dataspel og jenter skårar høgt på sosiale medium.*
- *Hatefulle ytringar: Aktuelt tema å drøfte – gjeld spørsmål om du har opplevd å få kommentarar retta mot dine politiske meininger, ditt kjønn, din seksuelle orientering religion, hudfarge og etnisk bakgrunn.*
- *Vald: Aktuelt tema å drøfte - gjeld spørsmålet: «Har ein ungdom slått deg, sparka deg, rista deg hardt, lugga deg eller liknande (ungdomsskulane i Luster: jenter 23 %, gutar 28 %) Leikeslossing?*

Skuleeigar si vurdering

Mange av funna i Ungdata samsvarar godt med svara frå Elevundersøkinga og understøtter hovudbiletet av at dei aller fleste barn i Luster trivest og har det bra. Så er det nokre elevar som ikkje trivest og har det bra og som treng oppfølging og støtte.

Ungdata-undersøkinga dreier seg også om spørsmål som gjeld fritid og nærområde. I så måte er det interessant å sjå dette i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel. Materialet frå Ungdata er også nyttig som supplerande dataunderlag i samband med livsmeistringsprosjektet og i arbeidet med kommunal plan for førebygging. Elles er det mykje frå Ungdata-undersøkinga som kan vera nyttig og meningsfullt å diskutera i fora som elevråd, foreldremøte, FAU og SU.

9. Læringsmiljø

9.1. Om Elevundersøkinga

Elevundersøkinga er ei årleg undersøking der elevar får seia si meining om læring og trivsel i skulen. Det er obligatorisk for skuleeigarar og skuleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget. Det er fast praksis for skulane i Luster at dei gjennomgår resultatet for sin skule med personalet, med elevrådet og med FAU/SU.


Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntaka er mobbing på skulen der låg verdi er positivt og del av elevar som er i prosent.

Lokale mål

Det er eit overordna mål at Lustraskulen skal vera ein inkluderande skule med god trivsel, tilhørslse, høg fagleg kvalitet og gode resultat. Lustraskulen skal vera fri for mobbing. Dette inneber at skulane og skuleeigar må arbeida systematisk med læringsmiljøet, motivasjon, elevmedverknad og vurdering for læring.

9.2. Elevundersøkinga 7. trinn

Elevundersøkelsen – alle indekser – 7. årstrinn



Utvikling over tid – eit utval indikatorar - 7. trinn 2021/22

| Luster | 2017/18 | 2018/19 | 2019/20 | 2020/21 | 2021/22 |
|-----------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Trivsel | 4,2 | 4,1 | 4,3 | 4,1 | 4,1 |
| Meistring | 4,0 | 4,0 | 4,1 | 4,1 | 4,0 |
| Elevdemokrati og medverknad | 3,8 | 3,9 | 3,9 | 3,8 | 3,8 |
| Motivasjon | 3,9 | 3,9 | 3,8 | 3,5 | 3,4 |
| Fagleg utfordring | 4,1 | 4,2 | 3,9 | 4,3 | 4,0 |

Skuleeigar si vurdering

Nøkkeltala frå Elevundersøkinga for 7. trinn hausten 2021 syner at elevane i Luster ligg jamt med eller rett over landssnittet på dei fleste indikatorane. Dette inneber at elevane i heilskap trivest på skulen, at dei får oppgåver som dei meistrar og at elevane opplever at lærarane støttar dei. Elevundersøkinga gjev ein indikasjon på at det vert gjort mykje bra arbeid i skulane i Luster og at læringsmiljøet jamt over er trygt og stimulerande.

Skåren for trivsel er den same som for fjoråret, noko som er litt under resultatet for 2019/20, det siste «normale» året før pandemien. Trivselen blant jenter og gutar er så og seia lik.


Den einaste indikatoren der det er litt avvik i høve nasjonalt gjennomsnitt, er motivasjon. Her har Luster 3,4 medan nasjonalt snitt er 3,6. Tendensen er at 7. trinns-elevane i større grad svarte at dei var motiverte for nokre år attende. Det er nok fleire faktorar som kan forklara kvifor elevane svarar som dei gjer, det er sikkert også ulike svar frå ulike skular, men dette er eit tema det er viktig å følgja opp over tid.

Motivasjon er heilt vesentleg for læring. På 7. trinn er det noko fleire gutar enn jenter som svarar at dei er motiverte. På 10. trinn er det eit lite fleirtal jenter som er mest motiverte. Det skal også seiast at landssnittet for motivasjons-indikatoren har gått ned, men ikkje så mykje som i Luster den siste fem-års-perioden.

Skåren for Fagleg utfordring har fått ein liten dupp i år etter å ha stige i fjor. Skåren for Luster er likt med landssnittet. Dette er også eit område det er interessant å diskutera med elevane sjølve. Korleis er dei faglege forventningane til elevane? Er lista lagt for lågt eller for høgt, og korleis treff ein elevane betre når det gjeld høvelege faglege utfordringar?

9.3 Elevundersøkinga 10. trinn

Elevundersøkelsen – alle indekser – 10. årstrinn



2021-22, Hele landet, 10. årstrinn, Alle indekser, Alle eierformer, Begge kjønn

Utvikling over tid – eit utval indikatorar - 10. trinn 2021/22

| Luster | 2017/18 | 2018/19 | 2019/20 | 2020/21 | 2021/22 |
|-----------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Trivsel | 4,3 | 4,4 | 4,1 | 4,0 | 4,3 |
| Meistring | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 4,0 |
| Elevdemokrati og medverknad | 3,2 | 3,7 | 3,3 | 3,3 | 3,4 |
| Motivasjon | 3,4 | 3,5 | 3,3 | 3,5 | 3,3 |
| Fagleg utfordring | 4,5 | 4,4 | 4,5 | 4,3 | 4,3 |

Skuleeigar si vurdering

Det er fast praksis for skulane i Luster at dei gjennomgår resultatet for sin skule med personalet, med elevråd og med FAU/SU.

Nøkkeltala frå Elevundersøkinga på 10. trinn i 2021 syner at Luster ligg ganske jamt med landssnittet på alle dei sentrale indikatorane. Trivsels-skåren gjekk ned i 2019 og 2020, men i 2021 er skåren for trivsel høgare igjen og over landssnittet. Det er gledeleg.

På dei fleste indikatorane er det liten skilnad frå året før. Trivsels-skåren har som nemnd gått litt opp, men indikatoren motivasjon har gått litt ned. Skåren på motivasjon er like under landssnittet.

Elevmedverknad-skåren er likt med landssnittet. Dette er eit område som har hatt ein del fokus førre skuleår både kommunalt og regionalt. Elevmedverknad, den aktive eleven og vurdering for læring heng tett saman, og dei er alle sentrale moment i den nye læreplanen. Arbeidet med elevmedverknad på ulike måtar i Lustraskulen vil halda fram saman med fokus på motivasjon og læringsmiljø.

9.4 Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent)

Prosentdelen Mobbing på skolen viser den prosentdelen elevar som opplever å bli mobba 2 eller 3 gonger i måneden eller oftare. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen, er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i måneden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen Mobba på skolen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Lokale mål

Lustraskulen skal vera fri for mobbing. Eitt mobbetilfelle er eitt for mykje.

Tabellane nedanfor syner del elevar som svarar at dei vert mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare. Resultatet vert ikkje vist dersom 1-4 elevar har svara at dei opplever mobbing på skulen. Dette vert vist med ei *.

Del elevar som opplever mobbing på skulen 7. trinn 2016-2021

| Indikator | 2016/17 | 2017/18 | 2018/19 | 2019/20 | 2020/21 | 2021/22 |
|-------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Mobbing på skulen | 13,9 | 11,4 | 8,9 | * | * | 11,1 |
| Nasjonalt | 7,0 | 6,9 | 7,2 | 7,1 | 7,5 | 7,9 |

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Tal elevar og lærarårsverk, Offentleg, Begge kjønn

Del elevar som opplever mobbing på skulen 10. trinn 2016-2021

| Indikator | 2016/17 | 2017/18 | 2018/19 | 2019/20 | 2020/21 | 2021/22 |
|-------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Mobbing på skulen | * | * | * | * | * | 0,0 |
| Nasjonalt | 7,7 | 8,3 | 7,0 | 6,5 | 5,5 | 5,7 |

Luster kommune skuleeigar, Grunnskule, Tal elevar og lærarårsverk, Offentleg, Begge kjønn

I Elevundersøkinga er mobbing definert slik:

«Med mobbing mener vi gjentatte negative handlinger fra en eller flere sammen, mot en elev som kan ha vanskelig for å forsvare seg. Mobbing kan være å kalle en annen stygge ting og erte, holde en annen utenfor, baksnakke eller slå, dytte eller holde fast.»

Både i 2019/20 og 2020/21 var det så få elevar som svara at dei vart mobba at talet var skjerma for offentlegheit. Inneverande skuleår er det 11,1 % av elevane som svarar at dei har opplevd å bli mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare. I hovudsak dreier dette seg om mobbing frå medelevar. 11 % tilsvarar 6-7 elevar. Skulane har rutinar for korleis dei følgjer opp resultatane internt på skulen gjennom elevsamtalar, eventuelt sosiogram, for å undersøkje nærare kva som er situasjonen. Skulane grip såleis tidleg fatt i resultatane og følgjer opp og handterer dei sakene som eventuelt oppstår i samsvar med aktivitetsplikta etter kap. 9A i opplæringslova. Elevundersøkinga er også oppe i elevråd, personalet og FAU/SU.

Dette året var det litt fleire elevar enn før på 7. trinn som svara at dei hadde opplevd å verta mobba digitalt. Her er førebyggjande arbeid med nettvett viktig. Nettvett står på dagsorden for alle skular, somme har gjennomført det haldningsskapande opplegget *Delbart* saman med politiet, andre skular har nytta opplegg som [Bruk hue](#) frå Telenor og Røde Kors eller nettressursen [dubestemmer.no](#).

På 10. trinn var det ingen elevar som svara på Elevundersøkinga at dei vart mobba. Det er no veldig gledeleg. Trivselsskåren på 10. trinn i Elevundersøkinga har også gått opp dette året.

I og med at Luster er ein liten kommune med relativt få elevar, så skal det lite til for at ein prosentvis får noko høge tal. Skulane arbeider systematisk for å førebyggja mobbing og skapa gode klasse- og skulemiljø. Når det likevel oppstår mistrivnad og elevar opplever at dei vert trakasserte eller mobba, så er det særskild viktig at skulane følgjer opp med tiltak. Null prosent mobbing er det målet skulane og kommunen lyt halda høgt og streva etter.

10. Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

10.1 Om nasjonale prøvar

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK20. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1 finne informasjon 2 forstå og tolke 3 reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK20. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- *tal*
- *måling*
- *statistikk*

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei

- *kan løyse ei gitt utfordring*
- *kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar*
- *kan vurdere om svara er rimelege*
- *kan ha effektive strategiar for enkel talrekning*

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK20. Engelsk er ein del av det nasjonale prøve-rammeverket på 5. og 8. trinn, men ikkje på 9. trinn. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. trinn) er knytte til desse ferdigheitene:

- *finne informasjon*
- *forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar*
- *forstå vanlege ord og uttrykk knytte til daglegliv og fritid*
- *forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i*
- *bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster*

Nasjonalt gjennomsnitt og meistringsnivå

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Til vanleg er det nasjonale gjennomsnittet både på 5. og 8. trinn 50 skalapoeng. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Den eine tabellen viser prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål

Det er eit mål at skulane i Luster skal prestera godt på nasjonale prøvar. Det viktigaste er likevel at kvar elev har god læringsutvikling gjennom opplæringa frå 1. til 10. trinn, slik at elevane får tru på egne evner, opplever meistring og har eit best mogleg fagleg fundament for det vidare opplæringsløpet. Det er eit generelt mål at skulane arbeider for å redusera tal elevar som presterer på lågaste meistringsnivå.

10.2 Nasjonale prøvar 5. steget

5. trinn | Luster kommune | Samanlikna geografisk | 2021-22

| Indikator og nøkkeltal | Luster kommune | Vestland | Nasjonalt |
|------------------------|----------------|----------|-----------|
| Lesing | 52 | 50 | 50 |
| Rekning | 55 | 50 | 50 |
| Engelsk | 49 | 50 | 51 |

5. trinn | Luster kommune | Utvikling tre siste år | 2019 - 2022


| Nasjonal prøve | 2019-20 | 2020-21 | 2021-22 |
|----------------|---------|---------|---------|
| Lesing | 50 | 51 | 52 |
| Rekning | 52 | 54 | 55 |
| Engelsk | 52 | 51 | 49 |

5. trinn | Luster kommune | 2021-22 | Etter kjønn

| Nasjonal prøve | Begge kjønn | Gutar | Jenter |
|----------------|-------------|-------|--------|
| Lesing | 52 | 52 | 51 |
| Rekning | 55 | 58 | 52 |
| Engelsk | 49 | 51 | 46 |


5. trinn | Meistringsnivå over tid | Begge kjønn

Luster kommune (EIER) | Meistringsnivåer Lesing 5. trinn | Egne tall




Luster kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver meistringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 5. trinn

Luster kommune (EIER) | Meistringsnivåer Regning 5. trinn | Egne tall



Luster kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver meistringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 5. trinn

Luster kommune (EIER) | Meistringsnivåer Engelsk 5. trinn | Egne tall



Luster kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver meistringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 5. trinn

Skuleeigar si vurdering

Årskulla i Luster er høvesvis små. Det medfører at det lett kan vera store svingningar mellom kulla. Dette må takast omsyn til når ein vurderer resultatata.

Skuleåret 2021/22 skåra elevane på 5. trinn i Luster over fylkes- og landssnittet i både lesing og rekning. I engelsk var derimot resultatet for Luster under både fylkes- og landssnittet. Nasjonalt har prestasjonen i engelsk har vorte betre dei to siste åra, og i 2021 var samla resultat nasjonalt såpass godt at landsgjennomsnittet gjekk opp frå 50 til 51 skalapoeng.

Nasjonalt gjer gutar det betre på nasjonale prøve i rekning og engelsk medan jentene til vanleg gjer det betre enn gutane i lesing. Særleg i rekning er skilnaden mellom gutar og jenter aukande, dette gjeld også i Luster. I Luster skåra årets 5. trinn-gutar betre enn jentene i alle tre prøvane. Igjen må det påpeikast at årskulla i Luster er små og at prøvar i nedre eller øvre del av skalaen lettare påverkar gjennomsnittet enn i kommunar med store årskull.

På 5. trinn har nasjonale tre meistringsnivå. I lesing er det ein positiv trend med færre elevar på lågaste meistringsnivå og fleire elevar som presterer på nivå 2 og 3. I rekning er det også relativt få som skårar på lågaste meistringsnivå. I 2021/22 er det over dobbelt så mange som skårar på lågaste meistringsnivå enn for to år sidan. Igjen kan dette ha med årskullsvingingar å gjera, men dette er eit resultat som skulane er medvitne om og tek omsyn til. Det er viktig å vera obs på om dette er ein trend som held fram.

Det er eit viktig mål å redusera talet elevar som presterer på lågaste meistringsnivå. For alle tre prøvane har Luster færre på lågaste meistringsnivå enn landssnittet. Innan lesing og engelsk er skåren for hausten 2019 det nest beste resultatet dei siste fem åra. Her skil rekning seg ut ved at det er noko høgare tal elevar på lågaste meistringsnivå samanlikna med åra før.

10.3 Nasjonale prøver ungdomssteg

Lokale mål

Det overordna målet er at kvar elev skal ha ei fagleg god utvikling i løpet av dei tre åra på ungdomssteget. Generelt er det eit klårt mål å få fleire elevar til å stiga frå eitt meistringsnivå til nivået/nivåa over og å redusera talet elevar som skårar på lågaste meistringsnivå.

8. trinn | Luster kommune | Samanlikna geografisk | 2021-22

| Indikator og nøkkeltal | Luster kommune | Vestland | Nasjonalt |
|------------------------|----------------|----------|-----------|
| Lesing | 53 | 50 | 50 |
| Rekning | 52 | 50 | 50 |
| Engelsk | 53 | 50 | 50 |

8. trinn | Luster kommune | Utvikling tre siste år | 2019 - 2022


| Nasjonal prøve | 2019-20 | 2020-21 | 2021-22 |
|----------------|---------|---------|---------|
| Lesing | 52 | 52 | 53 |
| Rekning | 53 | 54 | 52 |
| Engelsk | 49 | 51 | 53 |

8. trinn | Luster kommune skuleeigar | Fordelt etter kjønn | 2021-22

| Indikator og nøkkeltal | Begge kjønn | Gutar | Jenter |
|------------------------|-------------|-------|--------|
| Lesing | 53 | 53 | 53 |
| Regning | 52 | 55 | 49 |
| Engelsk | 53 | 54 | 51 |


8. trinn | Meistringsnivå over tid | Begge kjønn

Luster kommune (EIER) | Mestringsnivåer Lesing 8. trinn | Egne tall



Luster kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 8. trinn


Luster kommune (EIER) | Mestringsnivåer Regning 8. trinn | Egne tall



Luster kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 8. trinn

8. trinn | Meistringsnivå over tid | Begge kjønn

Luster kommune (EIER) | Meistringsnivåer Engelsk 8. trinn | Egne tall



Luster kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver meistringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 8. trinn

| | LESING | | ÅRSKULL 2007 | | | REKNING | |
|-------------------------|-----------------------|-----------------------|--------------|-----------------------|-----------------------|-----------|--|
| | 8. trinn (2020/21) | 9. trinn (2021/22) | Utvikling | 8. trinn (2020/21) | 9. trinn (2021/22) | Utvikling | |
| Samla Luster | 51 | 56 | 5 | 54 | 57 | 3 | |
| Heile landet | 50 | 53 | 3 | 50 | 53 | 3 | |
| Gutar Luster | 50 | 55 | 5 | 55 | 60 | 5 | |
| Gutar nasjonalt | 49 | 52 | 3 | 51 | 54 | 3 | |
| Jenter Luster | 53 | 57 | 4 | 53 | 54 | 1 | |
| Jenter nasjonalt | 51 | 55 | 4 | 49 | 52 | 3 | |

Skuleeigar si vurdering

Årskulla i Luster er høvesvis små. Det medfører at det lett kan vera store svingningar mellom kulla. Dette må takast omsyn til når ein vurderer resultatata.

For 2021/22 skårar 8-klassingane over nasjonalt- og fylkesgjennomsnitt både innan lesing, rekning og engelsk. Det er ein positiv tendens dei siste tre åra både når det gjeld lesing og engelsk. I rekning plar lustraelevane nesten alltid å skåra over landssnittet.

I dette årskullet skårar gutane betre enn jentene i rekning og engelsk. Også nasjonalt skårar gutane litt betre enn jentene i rekning medan det er meir jamt i engelsk. Når det gjeld lesing skårar gutane og jentene i Luster likt. Nasjonalt plar jentene skåra noko betre enn gutane på lesing.

På 8. trinn er nasjonal prøve delt inn i fem meistringsnivå der nivå 1 er det lågaste. Det er få elevar som skårar på dei to lågaste nivåa, og det er også ei forbetring frå føregåande år. Dette er positivt. I lesing og rekning er det færre elevar som skårar på aller høgaste nivå, nivå 5. I engelsk er det nesten ei halvering av tal elevar på dei lågaste nivåa, og det er også ein auka prosentdel elevar på høgaste nivå. Igjen, årskulla i Luster er små, noko som lett påverkar tala opp eller ned.

Tabellen for årskull 2007 viser resultat og endring i prestasjonen frå 8. til 9. trinn. Nasjonalt plar det vera ei forbetring på 3 skalapoeng frå 8. til 9. trinn. I Luster er framgangen lik med denne «nasjonale progresjonen» i rekning medan i lesing er framgangen større i Luster enn den er nasjonalt. Både i lesing og rekning skårar forøvrig lustraelevane godt over landssnittet både på 8. og 9. trinn. Ser ein på skilnaden mellom gutar og jenter, så har gutane i Luster større framgang frå 8. til 9. trinn enn det nasjonale snittet. Jentene skårar likt med nasjonal utvikling i lesing, men har mindre framgang i rekning enn gjennomsnittet. Både gutane og jentene skårar høgare enn landssnittet.

10.4 Karakterar – eksamen og standpunkt

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren: Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

| Standpunktkarakter | Luster 2018/19 | Luster 2019/20 | Luster 2020/21 | Heile landet 2020-21 |
|--------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------------|
| Engelsk skriftleg | 3,9 | 4,0 | 4,1 | 4,1 |
| Engelsk munnleg | 4,4 | 4,3 | 4,4 | 4,4 |
| Kroppsøving | 4,4 | 4,5 | 4,7 | 4,7 |
| Kunst og handverk | 4,6 | 4,6 | 4,5 | 4,5 |
| Matematikk | 3,9 | 4,1 | 3,7 | 3,8 |
| Mat og helse | 4,6 | 4,3 | 4,6 | 4,6 |
| Musikk | 4,4 | 4,0 | 4,1 | 4,5 |
| Naturfag | 3,7 | 4,2 | 4,1 | 4,2 |
| Norsk hovudmål | 3,8 | 3,9 | 3,8 | 4,0 |
| Norsk sidemål | 3,8 | 3,9 | 3,9 | 3,9 |
| Norsk munnleg | 4,3 | 4,3 | 4,3 | 4,4 |
| KRLE | 4,4 | 4,2 | 4,2 | 4,4 |
| Samfunnsfag | 4,3 | 4,3 | 4,3 | 4,4 |
| Tysk 1 | 4,5 | 4,2 | 4,3 | 4,4 |

Skuleeigar si vurdering


2020 og 2021 har vore spesielle år for avgangselevane i grunnskulen då det ikkje vart avvikla munnleg eller skriftleg eksamen på 10. trinn desse åra grunna koronapandemien. Ved inntak til vidaregåande skule er det såleis berre standpunktkarakterane som har vore gjort gjeldande dei to siste åra.

Standpunktkarakterane for elevane i Luster gjekk opp i fleire fag 2020/21 samanlikna med skuleåret før; engelsk skriftleg og munnleg, kroppsøving, mat og helse, musikk og tysk. Derimot var standpunkt-gjennomsnittet for matematikk monaleg lågare enn året før. I norsk var det same snitt i sidemål og i munnleg som året før medan snittet var ein tidel lågare i norsk hovudmål i 2020/21 enn året før.

Samanlikna med nasjonalt gjennomsnitt for standpunktkarakterar samsvarar gjennomsnittet i Luster med nasjonalt snitt jamt over i dei fleste fag. Når det gjeld basisfaga skårar lustraelevane likt med landssnittet i engelsk skriftleg og munnleg og i norsk sidemål medan i matematikk, norsk hovudmål og norsk munnleg skårar lustraelevane litt under landssnittet.

10.5 Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskulepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10. Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven. Grunnskulepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.



Grunnskulepoeng | Samanlikna geografisk | 2018 – 2020

| Kommune | 2018-19 | 2019-20 | 2020-21 |
|---------------------|-------------|-------------|-------------|
| Aurland | 47,4 | 44,9 | 43,5 |
| Høyanger | 42,7 | 41,6 | 44,6 |
| Luster | 41,9 | 42,2 | 42,4 |
| Lærdal | 40,0 | 44,1 | 42,8 |
| Sogndal | * | 42,7 | 43,6 |
| Vik | 43,6 | 42,1 | 40,6 |
| Årdal | 41,7 | 41,2 | 41,9 |
| Vestland | * | 43,1 | 43,5 |
| Heile landet | 41,9 | 43,1 | 43,3 |

Grunnskulepoeng | Samanlikna geografisk | Fordelt på kjønn | 2020/21

| Gjennomsnitt grunnskulepoeng | Begge kjønn | Gutar | Jenter |
|------------------------------|-------------|-------|--------|
| Luster kommune | 42,4 | 40,9 | 44,0 |
| Vestland | 43,5 | 41,4 | 45,7 |
| Nasjonalt | 43,3 | 41,1 | 45,6 |

Grunnskulepoeng | Poengdifferanse gutar og jenter i Luster | 2017 - 2021

| Indikator og nøkkeltal | 2016/17 | 2017/18 | 2018/19 | 2019/20 | 2020/21 |
|-----------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Luster kommune | 7,6 | 4,8 | 4,8 | 7,8 | 3,1 |
| Sogn og Fjordane fylke / Vestland | 4,9 | 4,4 | 4,1 | 4,2 | 4,3 |
| Nasjonalt | 4,6 | 4,5 | 4,7 | 4,5 | 4,5 |

Skuleeigar si vurdering

Når det gjeld gjennomsnitt grunnskulepoeng for avgangselevane i Luster, så har det vore ei jamn stigning år for år sidan 2015. Det vart også ei mindre forbetring i 2021 der snittet var 42,4 mot 42,2 året før.

Landsnittet for grunnskulepoeng auka monaleg i 2020, det første året utan at eksamenskarakterer talde med då desse var avlyste grunna pandemien. For årskullet som gjekk ut av 10. trinn våren 2020 auka snittet med 1,2 karakterpoeng, ei uvanleg stor auke. Frå 2020 til 2021 auka landsnittet med 0,2 karakterpoeng, også denne våren vart alle eksamenar avlyste.

Luster har ein positiv trend ved at gjennomsnittet for grunnskulepoeng aukar litt år for år, men det er 0,9 karakterpoeng under det nasjonale snittet. Samanlikna med dei andre kommunane i Sogn plasserer Luster seg midt på treet. Høyanger, Aurland, Lærdal og Sogndal skårar høgare enn Luster medan Vik og Årdal skårar noko lågare enn Luster.

Når det gjeld snitt grunnskulepoeng for gutar og jenter, så plar jentene skåra høgare enn gutane. Dette gjeld både lokalt og nasjonalt. Differansen mellom jenter og gutar er for 2020/21 den minste dei siset fem åra, og differansen lokalt er monaleg mindre enn differansen nasjonalt. Dette skuldast både at gutane skårar noko betre enn året før og at jentene skårar noko dårlegare i 2020/21 enn tidlegare. Luster har små årskull der einskildresultat kan gje store utslag.

11. Skulebidragsindikator

Utdanningsdirektoratet seier dette om skulebidragsindikatorane:

«Skulebidragsindikatorane forsøker å vise hva skolens innsats betyr for elevenes læringsresultater. For å kunne måle dette, skiller vi ut den delen av læringsresultatet som skyldes forutsetningene elevene har med seg. Vi kontrollerer for tidligere resultater og foreldrebakgrunn.


- *Dersom skolens bidrag er likt med landsgjennomsnittet, er skulebidraget 0.*
- *En positiv verdi indikerer at skolen bidrar mer enn landsnittet.*
- *En negativ verdi indikerer at skolen bidrar mindre enn landsnittet.*
- *En negativ verdi betyr ikke at skolen bidrar negativt til elevenes resultater, men at bidraget er mindre enn landsnittet.*

For 1.-4. trinn tilsvare elevenes forutsetninger deres familiebakgrunn, målt ved foreldrenes utdanning, husholdningsinntekt og innvandrerbakgrunn. For 5.-7. trinn inkluderer elevenes forutsetninger familiebakgrunn, men også resultater på nasjonale prøver 5. trinn.

Skulebidragsindikatorer beregnet for små skoler og kommuner vil være sårbare for enkeltprestasjoner. En enkelt elev som presterer svært godt eller svært dårlig vil påvirke gjennomsnittet mye mer på en liten skole enn på en stor skole.»

11.1 Skulebidrag 1.-4. trinn


Luster kommune (EIER) | Skulebidrag 1.-4. trinn | Egne tall



Luster kommune (EIER), Grunnskole, Skulebidrag, Offentlig skole, 1.-4. trinn

11.2 Skulebidrag 5.-7. trinn


Luster kommune (EIER) | Skulebidrag 5.-7. trinn | Egne tall



Luster kommune (EIER), Grunnskole, Skulebidrag, Offentlig skole, 5.-7. trinn

11.3 Skulebidrag 8.-10. trinn

Luster kommune (EIER) | Skulebidrag 8.-10. trinn | Egne tall



Luster kommune (EIER), Grunnskole, Skulebidrag, Offentlig skole, 8.-10. trinn

Skuleeigar si vurdering

Skulebidragsindikatorane er ein relativt ny indikator i Noreg. Dei har både avgrensingar og utfordringar som gjer at dei korkje er meint som eller kan tolkast som eit mål på skulekvalitet. Skulebidragsindikatorane gjev heller ingen forklaring på kvifor bidraget er som det er.

Når det gjeld resultatane for Luster, så er det eit positivt skulebidrag både på 1.-4. trinn, på 5.-7. trinn og på 8.-10. trinn. Skulebidraget er aller størst på 1.-4. trinn, og så fell det på 5.-7. trinn og er minst på 8.-10. trinn.

For 8.-10. trinn er det siste resultatet knytt til skuleåret 2018/19. Årsaken til dette er at skulebidrags-indikatoren på 8.-10. trinn inkluderer eksamensresultat, og det har ikkje vore halde eksamenar i grunnskulen sidan våren 2019.

Utdanningsdirektoratet sette ned ei ekspertgruppe som har sett nærare på skulebidragsindikatorane. I forskingsgjennomgangen identifiserte ekspertgruppa følgjande kjenneteikn ved skuleeigarar og skuleleiarar som lukkast med å bidra til å auke elevane sitt læringsutbytte og kjenneteikn ved velfungerande kvalitetsvurderingssystem ([Rapport frå ekspertgruppe for skulebidrag: En skole for vår tid, mai 2021](#)):

Kjenneteikn ved skuleeigarar som lukkast

- Skuleeigar er resultatorientert, og følgjer opp skulane sine egne ambisjonar for elevane med støtte og oppmuntring
- Skuleeigar har tett dialog med skuleleiarane slik at det er semje mellom nivåa om mål og kvalitetsutviklande tiltak
- Skuleeigar har kompetanse og kapasitet til å analysere resultat saman med skulane, drøfte naudsynte tiltak og bidra til skuleutvikling
- Skuleeigar prioriterer kompetanse- og profesjonsutvikling i skulen, slik at arbeidet i skulen er kunnskapsbasert
- Skuleeigar er ambisiøs på skulane sine vegner, og har engasjement for og kunnskap om skulane
- Det er ei tydeleg avklart rollefordeling mellom politisk og administrativt skuleeigarnivå
- Skuleeigarar i mindre kommunar deltek i interkommunalt samarbeid

12. Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skuleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

12.1 Overgang frå grunnskule til VGO

Elevar (16 år) som er registrerte i vidaregåande opplæring same år som avslutta grunnskule.

Luster kommune | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode |

| Indikator og nøkkeltal | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|--|------|------|------|------|------|
| Luster kommune | 97,3 | * | 93,8 | 97,3 | * |
| Sogn og Fjordane / Vestland fylke f.o.m. 20202 | 98,8 | 97,6 | 97,6 | 97,8 | 98,0 |
| Nasjonalt | 98,4 | 98,1 | 98,0 | 98,0 | 97,9 |

Symbolforklaring: * Tal som er unnateke offentleggjering / skjerna

| Nedre karaktergrense for inntak etter 1. inntaksrunde Vg1 | |
|--|----------------|
| Sogndal vidaregåande skule | 2021/22 |
| Bygg- og anleggsteknikk | 28,8 |
| Elektro og datateknologi | 41,4 |
| Helse- og oppvekstfag | 32,4 |
| Idrett | 39,30 |
| Medium og kommunikasjon | - |
| Restaurant- og matfag | - |
| Sal, service og reiseliv | 30,0 |
| Studiespesialisering | 44,20 |
| Teknikk og industriell produksjon | 35,70 |
| | |
| Musikk, dans, drama (dans), Firda vgs | 45,30 |

Skuleeigar si vurdering

Nesten alle elevar byrjar i vidareoppgåande opplæring rett etter grunnskulen. For skuleåret 2020/21 er tal elevar som har byrja i vidaregåande skule frå Luster skule skjerna. Det vil seia at det er så få elevar som ikkje byrja at det talet er unnateke offentleggjering.

Dei aller fleste elevar kjem også inn på førstevalet sitt. For skuleåret 2019/20 kom 86 % inn på førstevalet sitt og for 2020/21 kom 95 % inn på førstevalet sitt. Dette vil naturleg nok variera litt frå år til år. Sidan komande årskull ikkje veit kven dei skal konkurrera med, vil det likevel vera viktig med oppfordringar om å gjera sitt beste

Nedre karaktergrense for inntak etter fyrste inntaksrunde på Vg1 før skuleåret 2021/22 syner at ein trong høgast karaktersnitt for å koma inn på linjene studiespesialisering, elektro og datateknologi og idrett ved Sogndal vidaregåande skule. Av dei ulike linjene er det aller vanskelegast å koma inn på Musikk, dans, drama (dans, Firda vgs).

Den store diskusjonen i 2021 var debatten om ein skulle ha ein eller to idrettsklassar ved Sogndal vidaregåande skule grunna store søkartal sett opp mot to eller tre klassar ved studiespesialisering der reduksjon til to studiespesialisering klassar ville vere negativt for breidda i fagtilbodet. Etter ein politisk ekstraomgang vart konklusjonen to idrettsklassar og to klassar på studiespesialisering inneverande skuleår.

13. Vedlegg – presentasjon av einingane

Gamlestova barnehage



I Gamlestova barnehage har vi visjonen «*Med barna byggjer vi framtida*». For oss i personalgruppa definerer vi det som den jobben vi skal gjere for å ruste barnet til å møte livet med alle dei medgangar og utfordringar det vil møte på vegen og meistre dei. For å få dette til skal vi i barnehagen har fokus på å vere ein fysisk og psykisk helsefremjande barnehage, vi har med oss kva som er barnet sitt beste og korleis vi vaksne skal vere profesjonelle i møtet med barnet/barna.

Vårt motto for barna er: *At det skal vere godt å vere akkurat meg, akkurat no, akkurat her.* Ut frå dette vil ein sjå at vi har stort fokus på barna. Dei skal oppleve barnehagen som ein god og trygg stad å vere utan krenkingar og mobbing samtidig som dei får omsorg, impulsar, varierte opplevingar, lærer noko nytt, opplever meistring og har leikevenner.

Tal born 2021/22

77 plassar haust 2021

54 barn fordelt på 4 avdelingar

Tal stillingar 2021/22

13 årsverk og 19 tilsette totalt og 1 lærling.

4 pedagogiske leiarar og 2 barnehagelærarar. Alle har godkjend utdanning.

Vaksenrolla

Skal vi få til det som blir nemnt i rammeplanen og årsplanen er vi avhengig av den jobben dei vaksne gjer. For at barna skal trivast og ha det bra i barnehagen og tilbodet ha ein god kvalitet, er personalet den viktigaste ressursen. Vi jobbar og skal jobbe mykje med vaksenrolla. Barnehagen har fleire satsingsområder. Felles for dei fleste av desse, er at det skal vere ei kompetanseheving for personalet.

I dette arbeidet legg vi inn arbeid med **Circle of security (COS)**. Denne arbeidsmetoden har som mål å fremje tilknytning mellom barn og omsorgsperson, og vi som personal skal ivareta barna sine behov.

COS er eit rammeverk eller ein mal som skal hjelpa oss å sjå barna sine behov. Det skal hjelpa oss til å vere «påkobla» og skape «forbindelse» i relasjonen med barnet.

Det er ein viktig køyreregul for personalet i denne arbeidsmetoden -> **Den vaksne skal alltid vere større, sterkare, klokare og god. Når det er mogleg skal vi følgje barnets behov, og når det er nødvendig skal vi ta tak eller leiing i situasjonen.**

Praksisforteljing: Vaksenrolla – evne til sjølvrefleksjon

I eit personalmøte snakkar vi om vaksenrolla og god kvalitet i relasjon til barna. Ein av dei eldste i personalgruppa seier det kan vere vanskeleg å ha god relasjon til barna. Vi stussar over det som blir sagt, og vi meiner at uansett relasjon har barnet/barna krav på god kvalitet i relasjonen der og då. «Ja, det er eg einig i», seier ho. Og vidare seier ho «Over mange år har vaksenrolla endra seg. Eg er opplært til at vi skal vere bestemte og nesten stå med peikefingeren framfor ungane for å få dei til å høyre etter om dei ikkje lyar med ein gang. Barna skulle ha respekt for dei vaksne. No er eg fasinert over korleis dei yngste i personalet klarar å balansere dette på ein god måte. Eg prøver å utvikle meg og tilstrebe meg ein slik væremåte, men det er ikkje lett å snu om på det i alle situasjonar.»

Utviklingsområder 2021

Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon. Det vil seie at vi heile vegen skal jobbe for å vere i utvikling og bli betre. Dette kan ein oppnå ved å delta i ulike satsingar. Dei fleste av satsingane skal vere kompetansehevande for personalet, og det igjen skal gi betre kvalitet på barnehagetilbodet. Vi har nokre kommunale satsingar som «Psykisk helsefremjande barnehage», «Circle of security» (tryggleikssirkelen) og «Livsmeistring - robuste barn og ungdom» som vi forpliktar oss til, og vi har våre egne satsingar som «Leikekompetanse» og «Livsmeistring og vaksenrolla». Psykisk helsefremjande barnehage er den overordna og største av satsingane, og dei andre kan sjåast i samanheng med denne. Dei glir over i kvarandre.

Psykisk helsefremjande barnehagar

Det er felles eit utviklingsprosjekt for alle barnehagane i Luster, og det skjer i samarbeid med Styd kommunikasjon. Fokus i prosjektet er å skape gode og utviklande barnehagemiljø som inkluderer alle, og utarbeide ei digital håndbok som sikrar at vi jobbar innafor Grunnlova, FNs barnekonvensjon, barnehagelova og rammeplanen for barnehage.

Tema – vennskap



To eple er like utanpå. Vi sa fine ting til det eine eplet, og ikkje så fine til det andre eple.



Då me delte epla etterpå, var dei ulike inni. Det er ikkje alltid det vises utanpå om nokon blir/er lei seg. Me var einige om at det var best å seie fine ting om / til kvarandre.

Gaupne barnehage



Vår visjon og pedagogiske plattform er: **Me vil, me kan.**

I Gaupne barnehage vil me mykje og me får til det me vil. Me ynskjer ein barnehage som er kjenneteikna ved at tilsette og born vil noko og blir verdsatt for det dei kan. Derifrå kjem visjonen vår "Me vil. Me kan". Me vil få vener, me vil vera vener, oppleve magi, me vil undre oss, me vil ting i saman. Me er, vil og kan masse her og no. Og når me VIL noko, så får me det til. Og dette ligg i botn for utvikling for både barn og vaksne. Hjå oss opplever ein eit sunt, positivt, kreativt og utviklande miljø.

Dei tilsette skal:

- by på seg sjølve og sin kunnskap og kompetanse
- vera engasjerte og aktive vaksne. I organiserte og uorganiserte aktivitetar
- vera gode førebileter/vera positiv til satsingsområda våre; song, psykisk helse, ikt, fysisk aktivitet og inkluderande leikemiljø
- skal vera positive, rause og leikne. Me skal dela på kunnskap og gjera kvarandre gode, både foreldre, barn og kollegaer
- vera omsorgsfulle vaksne som skapar tryggleik for borna
- bruka varierte arbeidsmåtar for å engasjera borna
- visa respekt og vera inkluderande

Tal born 2021/22

118 plassar hausten 2021

90 barn fordelt på 6 basar hausten 2021, 93 barn våren 2022

Tal stillingar 2021/22

20,8 årsverk hausten 2021

31 tilsette, 1 lærling og 3 vikarar våren 2022

Psykisk helsefremjande barnehagar

Til liks med dei andre barnehagane i kommunen har Gaupne barnehage òg mål om å vera ein psykisk helsefremjande barnehage. Barnehagar som vel å jobbe systematisk med psykisk helsefremjande mennesker og miljø, prioriterer leiken som det aller viktigaste, seier Line Melvold i STYD kommunikasjon, og det gjer me i Gaupne barnehage.

Borna skal ikkje oppleve mange brot ift struktur i løpet av dagen. Dei skal oppleve at leikemateriell er tilgjengeleg slik at borna kan SETJE I GANG, STYRE OG STRUKTURERE leiken sin sjølve. Me har fokus på leiker som er ikkje-definerbare, slik at borna må bruke fantasien sin og kreativiteten sin for å leike. Og at alle borna stiller like som leikekameratar. Ingen er betre eller dårlegare enn andre på å leike.

Dei tilsette må ha kunnskap og kompetanse om leiken sin betydning, og det har me jobba mykje med i Gaupne barnehage dei siste åra. Inneverande barnehageår har vore prega av koronatiltak og byggearbeid, men no er koronatiltaka vekke og me har berre bygginga att. Med halvert uteområde til 93 barn, og leiken skal vera i sentrum så har det vore eit utfordrande år, men me har hatt gode uteområder, idrettshallen tilgjengeleg, gode pedagogiske leiarar, og positive tilsette så har me klart å halde målet vårt om eit godt psykisk helsefremjande leikemiljø både i utetida og i innetida.

I Gaupne barnehage har me tilsette som har kunnskap om tryggleikssirkelen, og me jobbar utifrå det. Me har tilsette som er trygge vaksne i relasjon med borna. Og trygge med foreldra til borna våre. Me har fleire pedagogar som er sertifiserte som foreldrekurshaldarar ift COS. Dette blir nytta aktivt i fagmiljøet vårt. Me har eit stort og godt fagmiljø. Og alle veit at «barns beste» skal takast omsyn til i alle avgjerdsler.

I vår barnehage har me fokus på små leikegrupper og nærvær av vaksne/tilsette. Og me styrer med mogeleg møtetid til tida på dagen då det er færrest born. Fordi borna skal ha trygge tilsette i nærleiken gjennom heile dagen.



Praksisforteljing

Kl. 07.15-08.00 er ei stille tid i barnehagen. Etter kl. 8 er hovudinnrykket av barn som kjem. På Turkis har dei sendt ut informasjon til foreldre om at tysdagane har personalet møte frå 7.15-08.00, og at dersom borna må leverast før det så er det naboavdelinga Oransje som tek i mot borna.

På møteagendaen står det alltid «Førebyggjande arbeid mot mobbing. Har me opplevd mobbing sidan sist møte?». Og; «Korleis ligg me an ift årsplanen og utviklingsplanen?». Dette for å sikre at me jobbar mot dei måla som pedagoggruppa har satt. I tillegg har ped.leiar egne saker som blir tatt opp. Gjennomgang av borna våre er viktig at me har tid til å gjere. Dette er eit viktig møte for alle avdelingar. Medan møtet føregår har dei få borna som er komne hatt ei fin morgonstund og eigentleg ikkje merka at dei tilsette ikkje er til stades.

Ein dag prøvde me å organisere møtet slik som me gjorde før korona; etter me hadde skunda oss å ete lunsj, måtte dei tilsette stresse borna med å få kledd seg og kome seg ut (utan å hatt kvilestund for å lade seg oppatt) slik at dei kunne få gjennomføre møtet kl 12.30-13.30. Borna merka at dei tilsette vart urolege og at stemninga vart alt anna enn psykisk helsefremjande. I møtetida passa naboavdelinga borna. Altså; dobbelt så mange born på bemanning til EI avdeling.

Ungane vart urolege og dei som treng hjelp til å regulere seg hadde ingen i nærheiten som kunne hjelpe, og det vart krangling og uoversikteleg. Barnet som trong ny bleie måtte ha ny bleie, og det vart slik endå færre tilsette ute.

Me vart trygge på at me må halde fram med møtetida på morgonen. Fordi me alltid skal tenkje barns beste i alle situasjonar. Det gjer me i Gaupne barnehage.

Hafslo barnehage



Barnehagen vår skal vere ein god barnehage for barn, føresette og personale.

Vi tek vare på gode tradisjonar gjennom heile året.

Vi vektlegg eit godt foreldresamarbeid med ulike arrangement og treffpunkt gjennom heile året.

Hafslo barnehage skal vere med i utviklinga, vi deltek i forskning og øvingsopplæring. Satsingar i kommune, region og på landsbasis skal ha plass i barnehagen vår.

Tal born 2021/22

40 barn, 54 plassar, fordelt på 3 avdelingar.

Tal stillingar 2021/22

12,4 årsverk og 15 tilsette totalt.

1 styrar, 1 styrarass. (20 %) 3 pedagogiske leiarar og 2 barnehagelærarar.

Alle har godkjend utdanning

Psykisk helsefremjande barnehagar

Etter lang tid med fokus på avstand og deling av barn -og vaksne i faste grupper, har dette barnehageåret etter kvart vore prega av gleda over å kunne vere meir i lag alle små og store i Hafslo barnehage. Vi har opplevd at det har oppstått nye venskap på tvers av avdelingar, barn får nye modellar og vert betre kjende med yngre og eldre barn. Barn og personale i heile barnehagen vert betre kjend, noko som er svært viktig for tryggleiken til barna.

I krevjande tider med koronatiltak, stort fråvær og mangel på personal og vikarar, har vi heile tida hatt fokus på det beste vi kan få til for barna utifrå situasjonen vi er oppe i. Den kompetansehevinga som skjer innan psykisk helse og fokus på den vaksne som kan gjere ein forskjell syner att, personalet gjer mange gode val på vegner av barna.

- ✚ Som førre barnehageår har vi nytta relasjonsskjema for å kartlegge personalet til tilhøve til kvart enkelt barn, dette gjer vi to gonger i året. Ut frå funna her har vi gjort små tiltak der vi har vurdert at vi kan gjere grep for å betre relasjonen, sørge for at kvar enkelt vert sett og høyr.

- ✚ Planleggingsdagen 12.11. nytta vi til å delta på føredrag med Stig Torsteinson og Ida Brantzæg frå Tilknytningspsykologene. Ein inspirerende og nyttig dag.
<http://www.tilknytningspsykologene.no/cos-parenting/>
- ✚ Den årlege barnehagedagen arrangert i samarbeid mellom FUB – foreldreutvalget for barnehager, Fagforbundet og Utdanningsforbundet) hadde i år tema *Venskap - du og eg*:
<https://foreldreutvalgene.no/fub/barnehagedagen-2022-vennskap-du-og-jeg/>

Personalet i Hafslo barnehage inviterte barnehagebarn og føresette til leik, kreativ aktivitet, ei lita sangsamling på avdelingane og felles måltid før vi gjekk heim kl.18. I arbeidet med psykisk helsefremjande miljø er det å verte kjend med andre sine barn, andre føresette og personalet i barnehagen eit viktig grunnlag for eit godt samarbeid til beste for barna.

Praksisforteljing

Vi opplever at det vert lite tid til kvart enkelt barn i travle kvardagar, barn må dele dei vaksne si merksemd og tid med mange andre barn. Det å vere åleine med ein vaksen eller i ei lita gruppa betyr mykje for barn. Dora Thorallsdottir heldt føredrag for føresette i Luster og Sogndal kommune i vår, ho snakka om viktigeita av å prioritere tid åleine med «det eine barnet» innimellom.

I Hafslo barnehage dukka det opp ei ny form for møter våren `22, lunsjmøter på styrar sitt kontor. To barn (til no dei eldste) og styrar et lunsj ilag, snakkar om stort og smått vi er opptekne av, og avsluttar med å lese ei bok eller to.

Torsdag 28.april var det klart for tredje lunsjmøte og styrar gjekk for å inviterer to av gutane. Den eine av gutane klappa i hendene, men sa ingenting. Etterpå sa han: «eg gledde meg slik at eg ikkje klarde å snakka, difor klappa eg» 😊



Indre Hafslo oppvekstsenter avdeling barnehage



Vår visjon - pedagogisk plattform:

Tryggleik og trivsel- gir mestring og læring

- Barna skal oppleve at dei har minst ein venn kvar dag
- Barna skal oppleve tydelege vaksne med klare grenser og forventningar
- Barna skal få oppgåver som gir dei meistring og utfordringar
- Barna skal vere fysisk aktive kvar dag

Tal born 2021/22

30 barn: Bruse – 12 barn, Perle – 18 barn

Tal stillingar 2021/22

4,1 årsverk i pedagogisk personale og leiing, 3,7 årsverk fagarbeidar

Psykisk helsefremjande barnehagar

På kvart personalmøte har vi ei økt med leikemiljø og vennskap. Vi ønsker å få til psykisk helsefremmande leikemiljø som gir gode relasjonar mellom barna og bidrar til inkludering i leik. Vi har etter kvart fått ein meir bevisst struktur i korleis vi organiserer rom, leiker og materiell etter den satsinga som barnehagane har hatt med STYD-prosjektet. Vi inviterer til leik ved å gjere material synlege og i varierte kombinasjonar.

På personalmøte har vi også drøfta kva leiker og materiell som skal stå framme i ein periode. Dette ut frå kva vi veit barna likar å drive med og deira interesser. Vi tar vekk leiker som kan føre til konflikhtar. Det er viktig at vi har mange leiker av same type for å forhindre utestenging. Vi drøftar også kva som er viktig i vaksenrolla. At vi skal vere vaksne som er engasjerte og aktive og som er pålogga med sitt blikk, kropp og sin innstilling. Vi bruker leikegrupper for å betre relasjon mellom barna i gruppa og leikegruppene kan vere lik i fleire veke, eller vi gjer endringar kvar veke. Dette er noko ein drøftar på avdelingsmøta annakvar veke.



Praksisforteljing

Gjennom heile året har vi jobba med vennskap på tvers av avdelingane for 2017-ungane. Vi har hatt ein fast dag i veka der dei har leika saman, hatt felles formingsaktivitetar knytt opp til jul og påske, gått turar, aktivitet i skogen med lavvo. No etter vinterferien har 2017-ungane vore på Bruse, stor avdeling, ein føremiddag i veka. Det er der dei alle skal vere til hausten. Dette er gjort for at dei skal bli kjende med rutineane, med dei vaksne og kunne leike saman med dei andre barna. Dette har gjort at barna kan halde på kontakten og vennskapet sjølv om dei dette barnehageåret er på forskjellige avdelingar.

Vi har i vinter klart å halda på relasjon som barna hadde i førre år. Nye relasjonar har utvikla seg både vaksen-barn og barn-barn. Overgangen til ny avdeling vil til hausten vil ikkje bli stor. Barna er trygge i leikemiljøet. Barna er trygge på dei forventningane og krav som møter dei til hausten.

Gjennom dette året har også barna fått kjenne på det å føle meistring og fått utfordringar med sine jamnaldrande. Det å kunne hjelpe kvarandre gjer at dei knyter gode relasjonar til kvarandre.



Jostedal oppvekstsenter avdeling barnehage



Jostedal oppvekstsenter sin visjon er HJARTET I BYGDA.

Me vil gje borna i Jostedalen ein trygg og lærerik oppvekst der dei kjenner personane og miljøet rundt seg så godt at dei kan vere opne for samfunnet og verda rundt seg. Vårt fundament som vaksne er å møte barna med respekt, ro og vennlegheit slik at kvar elev kan lære på sitt nivå samtidig som læringa skjer i ein fellesskap der alle kjenner at dei høyrer til.

Tal born 2021/22

24 plassar, ei (utvida) avdeling.

Tal stillingar 2021/22

4,04 årsverk og 6 tilsette totalt

3 pedagogiske leiarar /barnehagelærarar, alle har godkjent utdanning.

Psykisk helsefremjande barnehagar

Personalet har i fagøkter på personalmøte og planleggingsdagar jobba med leikemiljøet og dei vaksne sin relasjonskompetanse. Me starta hausten 2021 med å utvide satsinga til foreldresamarbeid for inneverande barnehageår. I forkant av foreldremøte har me ei elektronisk undersøking for å hente inn innspel frå foreldra til tema på foreldremøte og til årsplanen for barnehagen.

Me vil at alle barna skal bli sett kvar dag, møte trygge og vennlege vaksne. Me ynskjer at barna skal føle ein tilknytning til både dei andre barna og dei vaksne som er her. For å få dette til, har me sett relasjonsbygging og foreldresamarbeid som felles fokus inn mot psykisk helse.

Jostedal barnehage er ei avdeling, dvs at alle barn, frå 1-6 år, er i ei gruppe. Ved å dele gruppa i små-grupper, kjem dei vaksne tettare på barna, og barna har alltid ein vaksen dei kan gå til for å prate, få trøyst, spørje om hjelp. Sidan me har naturen tett på, er me ofte på tur i skogen. Om vinteren har me skiløype gjennom området vårt, og lett tilgang til leik og utforsking i skogen.

Praksisforteljing

Tema for året har vore «Kva rører seg rundt barnehagen?». Barn er undrande, nyfikne og vil gjerne finne ut av kvifor ting er som dei er.



Felles opplevingar gjer at me har noko å samtale om til ei kvar tid.

Ut på tur i små grupper er eitt av måla våre. Det er med på å styrke relasjonar både vaksen-barn og barna seg imellom. Den vaksne må alltid vere lyttande og undrar seg med barn der og då, og ha nok tid til å fundere over kvifor ting er som dei er.



Med naturen tett på, er det mykje liv og røre som vaksne ikkje ser, men barna ser det... og dei lurar på ...



Både innanfor og utanfor barnehagen ser me ofte spor etter dyr som har gått forbi, eller me kan vere så heldige at me ser dei ut glasruta.

Nede ved dokkehytta vår er det ei stor maurtue, som me har følgt med på. For å prøve ut kva som gjer maurane ekstra ivrige etter å komme opp i dagslyset, duppa me trepinnar i sirup og la desse på tua. Her vart det eit yrande liv, og me prøvde å finne ut kor mange maur som kan vere i ei tue.



Barna tok maurar opp i lupeboksar, slik at me fekk sett på korleis ein maur eigentleg ser ut. Etterpå måtte me sleppe mauren fri, slik at den fekk finne tilbake til huset sitt. Dei er òg ein del av eit stort fellesskap, akkurat som oss ...

Om vinteren er det mange spor i snøen, både av menneske og dyr. Ekstra kjekt er det når me kan følgje dyrespor, og finn ut av kva dyr som har vore her. Vidare i dette temaet, var det boka om «Skinnvotten» me jobba med. Her fekk me møte mange ulike dyr i skogen, og det var plass til alle inni votten, sjølv om det vart trengt. Metoden dialogisk lesing vart brukt til å bli kjend med boka, og barna framstilte innhaldet i boka ved å nytte ulike formingsmateriell.



Ei gruppe brukte ull og tova dei ulike dyra.

Luster oppvekstsenter – avdeling barnehage



Vår visjon er: Ein god stad å vere, leike og lære. Me vil ruste våre barn til å møte framtida med sjølvtilitt, leikekompetanse, medansvar og løysingsfokus.

Viktige utviklingsområder for barnehagen i tillegg til lesing, skrivning og rekning, er arbeidet med Barns rettar og livsmeistring. Sidan hausten 2019 har me auka fokuset på livsmeistring og barn sine rettar etter FN sin Barnekonvensjon. Me gjennomfører systematisk etterutdanning i psykisk helsefremjande barnehagar ved at heile personalet les seg opp på relevant faglitteratur som me jobbar med gjennom case og faglege diskusjonar. Dette er eit dynamisk arbeid som stadig evaluerast og vidareutviklast.

Tal barn og avdelingar 2021/22

27 barn på to avdelingar, 18 + 18 plassar. Alder 1-6 år.

Løvetann, småbarnsavdeling: 10 barn

Søtekruse, storbarnsavdeling: 17 barn

Tal pedagogstillingar 2021/22

3,7 årsverk inkludert administrasjon

Tal stillingar 2021/22

7,0 årsverk inkludert administrasjon

Psykisk helsefremjande barnehage

i 2021 har me fortsatt samarbeidet med STYD og Line Melvold (eit kommunalt samarbeid). Alle tilsette har deltatt på webinar og kurs i løpet av året, me les relevant faglitteratur og me jobbar med case, eigne refleksjonsspørsmål og faglege diskusjonar. Me nyttar boka «*Barn er budbringere*» - L. Melvold (red), 2019 Kommuneforlaget. Arbeidet blir av dei tilsette opplevd som nyttig og relevant.

Auka fokus på barnets beste og leiken sin plass i barnehagen og særleg vaksenrolla (gjerekompetanse). Fokus på at aktivitetar skal gi mening for barnet (oppleving av samanheng). «Er dette til barnet sitt beste?» er vorte ein gjengangar i dei faglege diskusjonane i kvardagen og i etterutdanninga. I tråd med dette fokuset har me sett kritisk på leikemiljøet og gjort ein del fysiske endringar.

Praksisforteljing

Leikekofferten med doktorsaker som inneheld ekte stetoskop, sprøyter, bandasje osv. (utstyr me har fått frå helsesenteret og omsorgsentra i kommunen) står på golvet. Ved hjelp av grønne fruktkassar og trekkspelmadrassar er det blitt laga undersøkingsbenk og bord. Ei mamma (jente 4,5 år) og ein baby (jente 4 år) er klare til å møte doktoren (gut 5 år).

Kva feilar det babyen din? Han har nok brekt foten sin. Ja vel, då får me lytta litt. Doktoren tek opp det ekta stetoskopet og seier. Pust. Vent litt..... Jaaaa eg høyrer hjarta ditt på ordentleg. Både mamma og babyen blir nysgjerrige. Få høyra, få høyra. Alle tre høyrer etter tur, og blir svært begeistra når dei høyrer ekta donk. Sånn no må eg gje deg ei sprøyta seier doktoren og finn fram ei av dei mange sprøytene han har i kofferten. Babyen byrjar skrike; nei eg vil ikkje, eg er redd. Då seier mamma, det går bra lille venn. Eg skal passa på deg og holda deg i hånda. Mamma tek babyen i hånda og seier, sånn, går det litt betre no? Viss du er flink skal du få is etterpå. No må du få bandasje og litt medisin så blir du bra igjen seier doktoren. Han spør den vaksne som er i rommet om den kan hjelpa han med bandasjen. Ja eg kan vera hjelparen din seier den og snurra bandasje rundt foten på babyen. Så treng du medisin. Doktoren spør igjen den vaksne om kva som står på ein av medisinflaskene. Hostesaft seier den vaksne. Ja då må du drikk litt av denne så er du. No må du få



Me har så langt laga 4 leiketemakoffertar i inneleiken; frisør, doktor, butikk og verktøy. Barna har det dei treng som ei «grunnpakke» for å starta ein leik, dei variera kva dei supplerer med og kor i bhg. leiken utviklar seg. Dei deler erfaringar og lærer av kvarandre. Ekstra stas er det om me vaksne er sjuke, treng til frisøren osv. Me ser at det ofte kjem fleire barn til, og at me kan vidareutvikla leiken deira. Det me supplerer med kjem ofte igjen neste gong dei leikar.



I boka «Barn som budbringere» tek dei bl.a. føre seg autentiske rekvisittar i leiken. Ulike leikekoffertar med varierte tema fylt med inspirerende og spennande autentiske rekvisitter er ofte med å pirra nysgjerrigheita og leikelysta. Dette kan bringa barn saman i ny og spennande leik. Ved å gje barna tilgang til temakoffertar vil fleksibiliteten i leikemiljøa vera ivaretatt, og me unngår å leggja beslag på rom med permanente leiketema. Barn får høve til å velja den leiketemakofferten som gir meining der og då, og dei kan sjølv bygga opp kulissane dei treng i leiken sin ved hjelp av avdelinga sine grunnmateriale.



Skjolden oppvekstsenter avdeling barnehage



Skjolden oppvekstsenter avdeling barnehage ønsker å gje barna eit godt tilbod, der leiken og den gode barndomen har ein sentral plass. Me skal ha respekt for kvarandre og naturen. Me ønskjer at dei vaksne skal legge til rette for att alle barna kan oppleve glede og meistring i eit leikande fellesskap. Me skal ha omsorg for kvarandre og skape eit fellesskap der det er nulltoleranse for mobbing og utestenging.

Barna skal få eit positivt sjølvbilde og lære at det er ein samanheng mellom fysisk aktivitet og psykisk helse. Me vil vere bevisst på barnas ulike uttrykksformer og tilrettelegging for medverknad på måtar som er tilpassa barna sine behov, alder, erfaring og individuelle føresetnader.

Me ynskjer å leggja grunnlaget for livslang læring, der samarbeid og gjensidig respekt er viktig.

Tal born 2021/22

15 plassar, ei avdeling med 13 plassar

Tal stillingar 2021/22

4,5 årsverk fordelt på styrar, pedagogar og fagarbeidarar/assistentar.

Psykisk helsefremjande barnehage

For oss på Skjolden er tryggleik og trivsel dei viktigaste faktorane. Vi vil at foreldre skal reise frå barnehagen og vera sikre på at barna har det godt. For å oppfylle dette, må vi ta oss god tid saman med barna, vere engasjerte, nærverande og positive. Det handlar om den AKTIVE VAKSNE.

Leik er barna sin viktigaste aktivitet og er ein svært sentral del av dagen i barnehage. Leik er frivillig og styrt av barna sjølv, og den er grunnleggande for barna si læring og utvikling. Vi vil skape eit godt leikemiljø fysisk og psykisk.

ACTNOW:

Barnehagen er med på eit forskingsprosjekt for Høgskulen på Vestlandet kalla ACTNOW. Prosjektet er knytt til kompetanseutvikling i høve til fysisk aktivitet i barnehagen og korleis det kan påverka læringa til barna. Barnehagen er trekt ut til å vere tiltaksbarnehage og aktivt med i prosjektet.

Praksisforteljing

Rammeplan for barnehagen skisserer sju fagområde som me skal gje barna erfaringar innanfor. Kvart år vel me oss ut fagområde som me set ekstra fokus på. I år har me jobba ekstra med fagområda etikk, religion og filosofi og mengd, rom og form.

Sidan me framleis er med i forskningsprosjektet ACTNOW, så prøver me knytte tema opp mot fysisk aktivitet. Me lagar ulike aktivitetar der fagområdet blir trekt inn. Me har bl.a. vore ute på tur for å leite etter former. Barna tok sjølve bilete av alt dei fann, og det var ikkje lite. Me har hatt stafettar der barna skulle hente rett tal, terningbilete eller rett form. Då det var stortingsval i haust hadde me eit lite val i barnehagen. Der måtte me ha opteljing, og sjølvstøtt vart vinnaren den med flest stemmer.



Det er mykje språk i matematikk. Som vaksne har me fått øva oss på å bruke det matematiske språket bevisst i kvardagssituasjonar, leik og i tilrettelagde aktivitetar. ACTNOW-prosjektet me er med i blir avslutta våren 2022, men me er blitt inspirert til å kombinere fysisk aktivitet med kvardagen vår i barnehagen.



Solvorn oppvekstsenter avdeling barnehage



Vår visjon og pedagogiske plattform er: **Meistring kvar dag**

Meistring fører til motivasjon, engasjement, involvering, sjølvkjensle, trivsel, ro, interesse, nysgjerrigheit og glede.

For å oppnå våre overordna mål og ynskjer, er fylgjande avgjerande for oss:

- *alle skal verta sett og høyr*
- *alle har krav på støtte, hjelp, oppmuntring, trøyst og merksemd*
- *me skal ha tydelege vaksne og klare grenser - tydelege rammer skapar tryggleik*
- *fysisk aktivitet - gir grunnlag for sunn helse og livsstil*
- *respekt for kvarandre - ha blikkontakt og lytta til kvarandre*

Tal born 2021/22

18 plassar, 12 born, 7 under tre år og 4 over tre år

Tal stillingar 2021/2022

5 tilsette fordelt på 3,4 årsverk inkludert administrasjon

2,0 årsverk pedagog og 1,1 årsverk assistent

Psykisk helsefremjande barnehagar

Personalet skal skapa trygge og gode miljø for barna. STYD og COS (tryggleikssirkelen) som me jobbar mykje med, har gjort oss til meir bevisste vaksne i barnehagekvardagen. Dette arbeidet har mykje fokus på vaksenrolla og korleis me er i møte med barna, relasjonsarbeid. Me skal alltid tenkja barna sitt beste. Og kunnskapen me får, skal syna att i arbeidet vårt. På alle møter og planlegginsdagar er vaksenrolla eit tema.

Organiseringa av leikemiljøet og dagsrytmen påverkar barna og det sosiale miljøet i barnehagen. Leikemiljøet skal vera inkluderande og invitera til leik; med nok utstyr til alle, udefinierbare leiker og varme tydelege vaksne. Me ynskjer ein allsidig barnehagekvardag med omsorg, leik, læring, livsmeistring og danning.

På årets barnehagedag var temaet vennskap, du og eg. Barna har vore med å laga venne-reglar, og me har samtala mykje rundt korleis me bør vera med kvarandre, og korleis me ynskjer at andre skal vera med oss sjølve; korleis vera ein god ven og kva ein ven er for noko. Eitt av samtaleemna her var om venner kan krangla.



Gode venner er bra



Praksisforteljing

To gutar på 2 år sit på bakken og pratar. Mopedane er parkert attmed dei. Ein vaksen går forbi og spør kva dei pratar om. «Me pratar om Lustrabadet er ope no». Dei hadde vore på Lustrabadet dagen før.



Kvar februar har me førstehjelp med Henry. Det er eit pedagogisk læringsopplegg for barn laga av Røde Kors. Føremålet med læringsopplegget er å auka barna sin hjelpevilje. Opplegget presenterer ti ulike situasjonar på ein plansje der Henry har skada seg og treng hjelp. Me reflekterer rundt det me ser har skjedd og korleis me kan hjelpa.

Det er tre steg:

- 1) spørje kva har skjedd
- 2) henta vaksne
- 3) hjelpa.

Me ser óg film om Henry og syng songane til opplegget. Barna leikar mykje sjukehus heile året.



Veitastrond oppvekstsenter avdeling barnehage



Veitastrond oppvekstsenter har eit godt og framtidsretta samarbeid mellom barnehage og skule.

Ved å la barnehagen, spesielt førskulegruppa, få vera med på skulemåltid, turar, lesing og andre samarbeid gjev ein barna ein glidande og trygg overgang til skule.

Barnehagen har fokus på å vera ein fysisk og psykisk helsefremjande barnehage, der målet vårt er å møte borna på deira nivå og deira premiss.

Tal born 2021/22

13 born, 24 barnehageplassar, ei avdeling

Tal stillingar 2021/2022

3,55 årsverk fordelt på fem tilsette inkludert styrar og ass.styrar.

Psykisk helsefremjande barnehagar

Ein psykisk helsefremjande barnehage inneber mellom anna å tenkja på barnet sitt beste. Personalet har laupande samtalar og diskusjonar om korleis ein kan leggje til rette for at kvart einskild barn skal få ein god og trygg barnehagekvardag, i tillegg til at ein på personalmøte drøftar korleis ein kan gjera endringar som er til fordel for barna. Gjennom arbeidet med psykisk helsefremjande barnehagar har personalgruppa vorte flinkare til å kunne sjå barna gjennom fleire perspektiv. Med ny og oppfriska kunnskap knytt til temaet, er det lettare å reflektere kring episodar knytt til enkeltbarn og barnegrupper, og sjå på korleis ein som vaksen møter barna på best mogeleg måte. Ein rettleiar kvarande i situasjonar ein kan verta usikre på, eller trygge kvarande i vala ein gjer.

Hjå oss er leiken sin plass i barnehagen eit fokusområde, og det vert nøye vurdert korleis ein kan leggja til rette for positiv samhandling mellom barna. Gjennom å arbeide systematisk med det fysiske leikemiljøet og vere nær barna i leiken, bidreg me til å skape inspirerande og gode læringssituasjonar for barna.

Det er viktig for oss å gje barna tid – tid til å leike, tid til å utforske og tid til å lære. Sjølv om me har gode samlingar kvar veke med mellom anna song og musikk, forming, lesing og eventyr, er me opptekne av å ha fleksible planar. Med det gjev me barna større rom for å medverke i eigen kvardag. Ved å ha mindre fokus på faste rutinar, er det lettare å ta barna sine impulsar på alvor – noko som òg gjev rom for gode samtalar og refleksjonar saman med barna.



Praksisforteljing

Den første snøen har så vidt lagt seg. Eit av personalet hentar ein stor balje med snø og tek inn i barnehagen. Dette vekkar stor interesse hjå dei eldste barna som er i rommet. Dei kjenner og klemmer på snøen. Den er kald, og god å kjenna på. Det går ikkje lengje før dei yngste barna òg kjem til. Barna hentar koppar, auser og dyr. Alle sit samla rundt baljen. Nokon snø vert teke ut på golvet, og etter kvart vert det litt blautt. Nokon vert blaute på sokkane, men det gjer ingenting – dei tek dei berre av, og kan kjenne med heile foten oppi baljen. Slik sit barna samla i aktiviteten i lang tid, utan at nokon avbryt dei.



Kaos, rot, blautt, mykje arbeid – kunne ein lett ha tenkt.

Utforsking, læring, samarbeid, glede – tenkte me



Gaupne skule



Gaupne skule sin visjon er **Saman mot framtida**. Me er ein fleirkulturell skule med elevar frå 14 ulike nasjonar, og målet vårt er å skape ein skule der alle, både born og vaksne, syner respekt og omtanke for kvarandre og har nulltoleranse mot mobbing.

Me er opptekne av å ha eit høgt læringstrykk og at alle elevar skal nå sitt faglege potensial ved å få oppgåver som gjev dei både meistring og utfordringar. Då treng elevane tydelege vanske med klare grenser og forventningar. Kulturell utfolding og fysisk aktivitet kvar dag er også ein viktig del av vår pedagogiske plattform.

Hovudsatsingsområdet for skulen er realfag. Me deltek i Erasmus+-prosjektet STEAMING, er inne i vårt tredje år som deltakar i Den naturlege skulesekken. Skulen har etter søknad fått innvilga desentraliserte kompetansemidlar i 2021 og er i oppstartsfasen av eit samarbeid med SEFAL - Senter for fysisk aktiv læring - ved HVL, der målet er å auke elevane sin motivasjon ved å kople fysisk aktiv læring til STEAM og livsmeistring.

Tal elevar og klassar 2021/22

130 barn fordelt på 7 klassar, 1.-4. trinn: 74 elevar 5.-7. trinn: 56 elevar

Tal stillingar 2021/22

14 lærarar fordelt på 14,84 årsverk
5 elevassistentar fordelt på 1,44 årsverk på SFO og 1,83 årsverk ved skulen
1 miljørettleiar tilsett i 0,92 årsverk

Vidareutdanning 2021/22 – Kompetanse for kvalitet (Udir)

Ein lærar tek profesjonsfagleg digital kompetanse 1.-10. trinn

Fagforninga

Målsetjinga vår er at elevane våre skal få ei meir aktiv rolle i eiga læring enn tidlegare. Gjennom ulike STEAM-prosjekt og anna tverrfagleg arbeid får elevane våre høve til å oppleve meistring, vere kreative, skapande og utforskande.

I november deltok fleire av klassane på STEAM WEEK og løyster utfordringar – CHALLENGES – som partnaren vår i Irland hadde laga. Det var også faglege nettseminar for lærarar og nettmøte med elevar frå dei andre partnerlanda der det vart fortald om ulike STEAM-opplegg .

Me har innført aldersblanda grupper både i småskulen og på mellomsteget. 1., 2. og 3. klasse har innført fast uteskule kvar veke.

Praksisforteljing

Kvar tysdag heile skuleåret har 1. klasse hatt fast uteskule. Dei har som oftast brukt dagen i den nyetablerte Pulverskogen på Grandane, men avhengig av vår og føre har dei òg vore andre stader i bygda. Undervisning utandørs gjev gode moglegheiter for å jobbe tverrfagleg, noko som er eit viktig element i Fagfornyinga. Elevane får høve til å vere fysisk aktive, jobbe kreativt og utforskande og samarbeide med andre på ein annan måte enn innandørs. Dette er med på å bygge fellesskap og eit godt klassemiljø.



Hafslo barne- og ungdomsskule



Skulen sin visjon er:

**Me står saman for ein trygg oppvekst
i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø**

Me arbeider etter PALS-modellen der stikkorda ansvar, omsorg og respekt er viktige verdiar. HBUS er oppteken av fysisk aktivitet og har lang tradisjon med å nytte den flotte naturen skulen har lett tilgjenge til. Å høyre til og vere ein del av fellesskapet, skapar tryggleik for elevane. Ved skulestart i august skal alle elevar forplikte seg til å medverke aktivt til at mobbing ikkje skjer på skulen. Elevane skriv under på eit manifest og plakaten skal henge synleg i klasserommet.

Skulen vår er ein lærande organisasjon, der me er praksiskule og lærarutdanningskule for Høgskulen på Vestlandet. Skuleåret 2021/22 har me hatt studentar frå GLU (grunnskulelærarutdanning), BLU (barnehagelærarutdanning), PPU (praktisk-pedagogisk utdanning) og to danske studentar frå Aarhus.

Viktige satsingsområde for skulen er å jobbe med inkluderande læringsmiljø og variert undervisning. Me satsar på tverrfagleg læring, aldersblanda grupper og læringspartnarar. Me vil byggje sjølvstendigheit og sjølvtilitt, og legge til rette for problemløysing, bruk av nærmiljøet og samarbeid med eksterne aktørar. Me skal vera gode på estetiske og praktiske arbeidsformer. Me har ein bevisst, planlagt og kreativ bruk av teknologi.

Tal elevar og klassar 2021/22

208 elevar og 10 klassar

1.-4. trinn 76 elevar 5.-7. trinn: 63 elevar 8.-10. trinn: 69 elevar

Tal stillingar 2021/22

33,92 årsverk skule og SFO, pedagog, assistent/miljørettleiar og administrasjon

Vidareutdanning 2021/22 – Kompetanse for kvalitet (Udir)

4 pedagogar: to master i didaktisk praksis (matematikk), lærarspesialist i begynnaropplæring og rektorutdanning

Fagfornynging

Sitat frå Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa:

Skolen skal bidra til at elevane reflekterer over sin egen læring, forstår sine egne læringsprosesser og tilegner seg kunnskap på selvtendig vis.

I samarbeid med HVL brukar skulen utviklingstid på metodar for å auke sjølvregulert læring for elevar. Målet er auka motivasjon og eigarskap til opplæringa og skulekvardagen sin.

Praksisforteljing – Skaparglede, engasjement og utforskartrøng

Den reviderte læreplanen seier at: *Skulen skal la elevane utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng, og la dei få erfaring med å sjå moglegheiter og omsette idear til handling.*

Med dette som utgangspunkt har me laga nye bolckplanar og laga endå meir variert undervisning. Mattelærar i klassen stilte seg spørsmålet: «*Kan ein introdusere statistikk på ein engasjerande og utforskande måte i småskulen?*»

Det å utforske tal, mengder og datamateriale er eit godt utgangspunkt for statistikk på alle trinn i skulen. Undervisninga vart lagt opp med tanke på desse kompetansemåla etter 2. trinn:


- Ordne tal, mengder og former ut frå eigenskapar, samanlikne dei og reflektere over om dei kan ordnast på fleire måtar.
- Eksperimentere med teljing både framlengs og baklengs, velje ulike startpunkt og ulik differanse.

Aktiviteten gjekk ut på at me skulle utforska NonStop-posen, og finne ut om den er rettferdig. Aktiviteten starta med klasseromssamtale der me snakka om kva me kunne finne ut om ein NonStop-pose. Saman kom gruppa fram til at me skulle utforske tal NonStop totalt i posen og tal NonStop av kvar farge og om dette var likt i alle posane. Ut frå dette laga me to hypotesar som elevane skulle svare på:

1: Det er like mange NonStop i kvar pose.

2: Det er like mange NonStop av kvar farge.

No starta utforskinga. Elevane vart delt i grupper der ein elev var sjef og hadde ansvar for å registrere resultatet i skjemaet dei fekk utdelt. Dei fleste gruppene starta med å sortere NonStop i dei ulike fargane og deretter telje. Ei gruppe valde å lage ein sti av NonStop med dei ulike fargane og telje på den måten. Når elevane hadde telt opp og skrive inn resultat frå fargane valde alle gruppene å telje alle på nytt i staden for å rekne saman tala frå registreringsarket. Her kom dei fleste grupper fram til at det var lurt å grupperne i tiargrupper.



| Farge | Teljestrekar | Antal |
|--------|--------------|-------|
| Orange | | 36 |
| Raud | | |
| Grøn | | |
| Gul | | 25 |
| Svart | | |
| Brun | | 3 |
| Totalt | | |

Til slutt skulle elevane legge inn resultatane sine i eit Excel-dokument. Her var det laga klart ein mal slik at elevane berre skulle legge inn tal av dei ulike fargane i ein tabell. Då kom søylediagrammet automatisk.

Etter at resultatane var registrerte og arbeidet var ferdig, hadde me samtale i klassen om kva me hadde funne ut og om hypotesane våre stemde. Det vart også tid til å smake litt NonStop.

Konklusjonen var at elevane slett ikkje var for unge til å jobbe med statistikk og bruke det i arbeid med talforståing.



Indre Hafslo oppvekstsenter avdeling skule



På skulen vår arbeider me systematisk med mellom anna inkluderande skulemiljø, språk, IKT og fysisk aktivitet. Me arbeider med å gjere alle elevar trygge i skulekvardagen. Dette gjeld naturleg nok med omsyn til generell trivsel, men òg med omsyn til at elevane skal kjenne seg trygge på at undervisinga og dei faglege utfordringane blir tilpassa kvar einskild.

Det er framleis grunnleggande å gjere elevane til aktive lesarar og medvitne på kor viktig språkbruken og språkleiken er.

Me ynskjer å utvikle elevane sine digitale ferdigheiter slik at dei får eit kritisk og nyansert blick på kva som møter dei i den digitale kvardagen.

Me har uteskule for alle og legg opp til minst ei fysisk aktivitetsøkt kvar dag.

Tal elevar og klassar 2021/22

36 elevar, fordelte på tre grupper:

1.–2. klasse: 11 elevar 3.–4. klasse: 11 elevar 5.–7. klasse: 14 elevar

Tal lærarstillingar 2021/22

6,1 årsverk pedagogstillingar. Årsverka er fordelte på seks lærarar, samt at rektor har undervising i ein del av si stilling. I tillegg er 1,95 årsverk fordelt på fire fagarbeidarar / miljøretteleiar i skulen.

Fagfornyninga

Innføringa av Fagfornyninga har teke noko lengre tid enn planen var grunna korona-pandemien. Lærarane har sett seg inn i det teoretiske grunnlaget, med den overordna delen og dei tre tverrfaglege emna «Demokrati og medborgarskap», «Berekraftig utvikling» og «Folkehelse og livsmeistring» som utgangspunkt. Inneverande skuleår har «Livsmeistring og folkehelse» fått meir fokus, i samband med det tverrkommunale samarbeidet «Livsmeistring – robuste barn og unge» som Luster og Sogndal kommunar samarbeider om.

Innanfor dette emnet har me trekt fram omgrepet «relasjonar», og valt å vektlegge det meir i det daglege arbeidet. Relasjonar mellom elevane, relasjonar mellom elevane og dei tilsette, og relasjonar mellom dei tilsette er alle føresetnadar for eit godt læringsmiljø til beste for kvar einskild elev si faglege og sosiale utvikling. Med dette skapar me eit godt grunnlag for eit langsiktig arbeid der livsmeistring og folkehelse er ein av grunnpilarane for elevane sin opplærings situasjon.



Praksisforteljing

Like ved oppvekstsenteret har me tilgang til eit uteområde i skogen som me har nytta til stor glede for både barnehagen og skulen i mange år. Lavvoen som var sett opp hadde gjort nytta si, og me var heldige å få nytta tilskotsmidlar til å kjøpe ny. Med frisk dugnadsånd frå foreldre og born, vart den nye lavvoen montert hausten 2021, og gleda over å få bruke ein heil og fin ny lavvo var stor.



Indre Hafslo skule har uteskule som fast læringsarena kvar veke. I tillegg til lavvoen har me bål plass med sitjeplassar rundt, nokre benkar og reiskapsbu med ulike typar reiskapar og verkty. På uteskulen blir ulike kompetansemål i mange fag nådde gjennom praktiske oppgåver, samtalar, leik og samspel med kvarandre. Kombinert med gode opplevingar som matlaging på bål, praktisk bruk av reiskapar, og naturopplevinga ved å vere i skogen, gir dette heilskaplege undervisningsopplegg der teori og praksis blir koplå saman.

Jostedal oppvekstsenter avdeling skule



Jostedal oppvekstsenter sin visjon er HJARTET I BYGDA.

Me vil gje borna i Jostedalen ein trygg og lærerik oppvekst der dei kjenner personane og miljøet rundt seg så godt at dei kan vere opne for samfunnet og verda rundt seg. Vårt fundament som vaksne er å møte barna med respekt, ro og vennlegheit slik at kvar elev kan lære på sitt nivå samtidig som læringa skjer i ein fellesskap der alle kjenner at dei høyrer til.

Tal elevar og klassar 2021/22

24 elevar og 2 klassar

1.-3. trinn: 12 elevar 4.-6. trinn: 12 elevar

Tal lærarstillingar 2021/22

3,87 årsverk inkludert administrasjon og funksjonar

Fagfornyninga

Satsingsområde for utviklingsarbeid i kollegiet: Djupnelæring gjennom meir tverrfagleg arbeid og elevaktiv undervisning.

Psykisk helsefremjande skulemiljø

Satsingsområde for utviklingsarbeid i kollegiet: Foreldresamarbeid

Praksisforteljing

Dette året har me hatt fokus på elevaktive lærings- og undervisningsformer og reell elevmedverknad. Det skal gjennomsyre alle fag gjennom skulekvardagen, men me veljer å løfte fram dei praktisk-estetiske faga denne gongen. Me har sett at dagar som juleverkstad er noko av det kjekkaste gjennom skuleåret for mange elevar, og ville difor gjere meir av det. Dette har resultert i mellom anna to heilt ulike tiltak: *Kunstverkstad* og *Byggehjørnet*.

Kunstverkstad:



Me har tre-fire dagar gjennom skuleåret der elevane jobbar med eit kunstverk i aldersblanda grupper. Sommaren 2021 var alle ferdige med årets tema, som var Astrup-måleri. Då hadde me hatt ei økt om linje, ei økt om skuggelegging og ei økt om fargeblanding.




Byggehjørnet:

Me ville la elevane øve på vanlege handverksteknikkar som saging, spikring og konstruksjon ved å lage eit område ute der dei kunne bygge sine eigne hytter – som så kunne brukast til rolleleik i skogen. Me spurte foreldregruppa om brukt plank, pallar o.l., og fekk inn nok til å sette i gang.



Det første elevane måtte gjere, var å dra spiker ut av plankane så det ikkje var farleg å ha materialet liggande. Så gjekk dei vidare til å planlegge, sage og spikre. Dette var ein kjærkommen aktivitet både i friminutt og timar, kanskje særleg for dei som ikkje elsker fotball. Det vart ein ny møteplass som ga høve til å ta nye roller i gruppa.

Me er stolte over eigarskapen elevane tok til prosjektet, og ser at satsinga bidreg til både glede, livsmeistring, berekraft og samarbeidevne!



Luster oppvekstsenter avdeling skule



Vår visjon er: Ein god stad å vere, leike og lære. Me vil ruste våre elevar til å møte framtida med sjølvtilitt, god fagleg ballast, medansvar og å vere løysingsorientert.

Viktige utviklingsområder for skulen i tillegg til lesing, skriving og rekning, er arbeidet med Fagfornyinga. Hausten 2020 kom «Kunnskapsløftet 2020», og den har særleg fokus på psykisk helse, berekraftig utvikling, djupnelæring og tverrfagleg arbeid. Det har utfordra vår måte å planleggje, gjennomføre og vurdere undervisninga på. Dette er eit dynamisk arbeid som stadig evaluerast og vidareutviklast.

Tal elevar og klassar 2021/22

36 elevar og tredelt

1.-4. trinn: 23 elevar 5.-7. trinn: 13 elevar

Tal lærarstillingar 2021/22

6,52 årsverk inkludert administrasjon og funksjonar

Vidareutdanning 2021/22 – Kompetanse for kvalitet (Udir)

Ein lærar tek vidareutdanning i Begynnaropplæring 1, 1.-7. trinn

Fagfornyinga og livsmeistring

Me jobbar aktivt med å implementere ny læreplan som kom hausten 2020, og har 2 timar kvar veke avsett til fagleg etterutdanning, i tillegg til den faglege oppdateringa som kvar lærar tileignar seg. I år har me særleg jobba med «Snakke med barn», ei kursrekke som utfordrar og hjelper oss i å møte barna på ein god måte.

Gjennom året har me vald fire tverrfagleg prosjekttema, i samsvar med vår sjuårige entreprenørskapsplan, som alle elevane jobbar med samstundes. I kvart tema har me søkt å gjere oss meir kjent i nærmiljøet vårt, både i fortid og notid, og prøvd å sjå litt inn i framtida. Årets tema har mellom anna vore arv, tradisjonar, lokalhistorie, geologi, og skulen har hatt ekskursjon til Fuglesteg, Hestaskår og Bresenter i Jostedalen.

Praksisforteljingar

I løpet av året har me eigne fagdagar (ca halv skuledag) i matematikk, engelsk og norsk der elevane i 1.-7.klasse jobbar i grupper på tvers av alderstrinna. Oppgåvene fordelast på ulike stasjonar, og gruppene er innom og jobbar ved alle stasjonane i løpet av fagdagen. Hovudfokuset er på praktisk arbeid med faglege mål der elevane får vera i aktivitet.

Me erfara at gjennom aldersblanda grupper og varierte aktivitetar styrkjer me dei faglege og sosiale ferdigheitene, og opplever at elevane kan læra og hjelpa kvarandre uavhengig av alder. Dette er i tråd med Fagfornyinga.



Fagdag matematikk

På matematikkdagen hadde me 3 stasjonar:

- bygging med laftestokkar
- ulike spel
- FYSAK-økt i gymsalen



Fagdag engelsk

På engelskdagen snakkar me engelsk så mykje som mogleg, og me hadde 3 stasjonar:

- butikk
- programmering/memoryspel
- «Tea-party» der elevane og (vaksne) kler seg ut i engelsk skuleuniform, og

Fagdag norsk

Me skal òg ha ein norskdag i samband med leseveka våren 2022.

Der skal me ha ulike aktivitetar knytt opp mot forfattar Erna Osland og hennar bøker, og der me samarbeida tett med oppvekstbibliotekaren Maja i utval av litteratur.

Elevane skal jobba med å uttrykkje seg gjennom rolleleik, skrivning og lesing.

Luster ungdomsskule



Ved Luster ungdomsskule arbeider me kvar dag for at elevane skal ha ein trygg og god stad å vere, at me skal ha eit høgt fag- og læringstrykk og at elevane skal ha ein aktiv og variert kvardag. Viktige utviklingsområder for Luster ungdomsskule er fagfornyninga, tilpassa opplæring, IKT, lesing og skrivning i alle fag og IBOS. I samarbeid med Luster folkebibliotek har me laga lesestimulerande miljø, og 9. trinn har delteke på Uprisen; kåringa av årets ungdomsbok.

Tal elevar og klassar 2021/2022

129 elevar og seks klassar

Tal stillingar 2021/2022

21,60 årsverk inkludert administrasjon og funksjonar,
1,89 årsverk assistentar/miljøterapeut

Vidareutdanning 2021/2022 – Kompetanse for kvalitet (Udir)

Ein lærar tek rettleiing, ein lærar tek andrespråkspedagogikk, ein lærar er inne det andre og siste året av vidareutdanning som lærarspesialist i skuleretta digital kompetanse.

Fagfornyninga

Me har arbeidd mykje med innføringa av Kunnskapsløftet 2020 og nye fagplanar. Me er no to skuleår ut i Kunnskapsløftet 2020 og endringane frå førre læreplan som kom i 2006, er merkbare. Me skal jobbe meir med å anvende kunnskap, ikkje berre pugge og vise faktakunnskap. Me skal bruke variasjon som gir elevane våre ei breiare grunnlag for å bruke kunnskap dei får gjennom grunnskulen. Framtidas skule og arbeidsliv skal me førebu våre elevar mot. Dette skal og munne ut i avsluttande eksamen. Denne vert og fornya, og sjølv om ein beheld ein skriftleg og munnleg eksamen, så skal innhaldet i eksamen vise at eleven kan anvende meir enn tidlegare.

Eit døme er at matematikk munnleg vert til praktisk-munnleg eksamen. Ein skal ikkje berre vise framgangmåte og kunne forklare seg fram til eit svar, men setje det inn i ein samanheng der ein kan bruke dette i arbeidslivet. Me er spente på sjølv gjennomføringa av eksamen sidan eksamen etter LK 2020 har blitt avlyst på grunn av pandemien.

Sjølv om me som jobbar på ungdomsskulen tenkjer og brukar mykje tid på å førebu eksamen, så er ikkje dette alt me gjer. Fagfornyninga gir oss mogelegheit til å bli ein meir praktisk skule. Me brukar meir og meir tid utanfor skulen, og me ynskjer å bruke meir av natur, lokalsamfunn og næringsliv som me har i vår kommune. Ved å samarbeide meir mellom fag kan ein reise lengre og ein kan bruke fleire timar/dagar på eit undervisningsopplegg. Bærekraft er eit døme på dette der me kan besøke breen vår og jobbe med klimaendringar og me kan besøke Simas sin lokale miljøstasjon for å jobbe med gjenvinning av materiale som andre har kasta.

Fagfornyninga gir oss store mogelegheiter og friheit, men den gir oss og utfordringar til å prioritere kva som er viktigast og kva me skal ha fokus på. Me har laga oss ein treårsplan for dette arbeidet.

Praksisforteljing

Gjennom Sogn regionråd vert det årleg arrangert ei entreprenørskapsmessa. På denne messa vert det kåra bl.anna årets bedrift. Det betyr at alle 9.klassingane i Sogn regionråds-område må jobbe fram ein bedriftside og presentere dette til ein jury. Me startar med eit kick off der me får hjelp av Ungt Entreprenørskap. Dei hjelper elevane med å komme på idear, deretter skal elevane lage ein bedriftsplan. Døme på dette kan vere bursdagsarrangement, produksjon av ei vare ein kan selje og ev tenester til ei betalingsvillig gruppe. Dette gir elevane moglegheit til å teste ut deira kreativitet og ikkje minst få erfaring i om deira ide kan bli til verkelegheit og eit ev levebrød.

Å jobbe med entreprenørskap gir våre elevar mykje. Dei får trening i samarbeid og dei får bruke kreativiteten. Me nyttar oss av lokalt næringsliv til bedriftsbesøk og me får besøk av enkelte som snakkar om sin veg frå ide til verkelegheit.

Våren 2022 fekk me arrangere Entreprenørskapsmessa i Gaupne. Då bidrog elevane veldig mykje, alt frå planlegging, opprigging, innkjøp av varer og alt som skulle førebuast til kiosken. Elevane stod for det meste med god støtte frå deira lærarar.

Om ikkje alle ideane kan settast ut i verkelegheita, så får ein mogelegheita å teste om ein sjølv har ei gründerspire i seg.

To av årets elevbedrifter frå LUS på 9. trinn:



Skjolden oppvekstsenter avdeling skule



Visjonen til Skjolden oppvekstsenter er **Rom for alle – blikk for den enkelte.**

Alle elevane våre skal oppleve at dei har fagleg utvikling i eit trygt skulemiljø.

Tal elevar og klassar 2021/22

26 elevar fordelt på tre klassar:

1.-2. trinn 7 elevar 3.-4. trinn 6 elevar 5.-7. trinn 12 elevar

Tal lærarstillingar 2021/22

Ca. 5 årsverk med pedagog inkludert administrasjon og 0,45 % assistent

Fagfornyinga

Vi er godt i gang med fagfornyinga. Berekraftig utvikling som er eit av dei overordnamåla i læreplanen, har vi hatt ekstra fokus på. Skulen er med i Den naturlige skulesekken. Vi vil at elevane skal lære kva dei kan gjere for å skape eit godt miljø. I prosjektet vårt har vi hatt fokus på plast.

Kva brukar vi plast til? Lære om plast og korleis vi kan redusere forbruket. Vi har lært om utfordringa med plast i naturen som er der sjølv etter vi har plukka det vi ser. Målet er i tillegg til å få elevane engasjerte og kunnskapsrike, at dei skal få dele sitt engasjement til resten av bygda. Målet er at elevane skal erfare at deira engasjement kan føre til positive forandringar i samfunnet.

Praksisforteljing om verdsrommet i 1.-4. klasse

1.-4.klasse har i vår jobba med verdsrommet og me hadde fokus på planetar, månar og stjerner. Elevane har laga ei framstilling av solsystemet vårt. Me laga dei ulike planetane der me prøvde å få dei i rett storleik og rekkjefølgje. Me lærte oss namna og litt eigenskapar til kvar planet. 3. og 4. klasse bygde solsystemet i Minecraft med sola i midten og planetane på søyler rundt.

Me lærte at sola står i ro, og at jorda brukar eitt år på ein runde rundt sola. Månen vår går i bane rundt jorda med den same sida vendt mot jorda alltid. Den runden tek ein månad!

Me har undra oss og funne ut at universet er kjempestort, og at me er bittesmå i det store biletet. På kulturøkta før påskeferien presenterte me arbeidet vårt for eit interessert publikum



Praksisforteljing 5.-7. klasse

Ifølgje læreplanen i naturfag skal elevane etter 7.klasse kunne lese og forstå faremerking og reflektere over hensikta med desse. Dette kombinerte me med fleire mål, m.a. utforske faseovergangar og kjemiske reaksjonar og skildre kva som kjenneteiknar dei. For å nå desse måla, brukte me syrer og basar.

Elevane har skrive naturfagrapportar der dei har laga hypotesar. I arbeidet med ulike syrer og baser skulle elevane bli medvitne om at mange av produkta dei har heime er merka med faresymbol, og bør handsamast varsamt. Kjemiske reaksjonar skjer rundt oss heile tida.

Elevane har lært å finne pH-verdi på ulike væsker, og kva som kjenneteikner ei syre og ein base. I forsøka for å fastslå om væska var sur eller basisk, brukte dei ein indikator laga av raudkålsaft, saman med ein pH-skala.

Før påske fekk me endeleg ha kulturøkt på skulen att, og elevane fekk vise til publikum korleis ein bruker indikator for å bestemme pH-verdien av desse stoffa; sitrønsaft, brus, vatn, natron og klorin. Det var stilig å sjå korleis væskene skifta farge.



Solvorn oppvekstsenter avdeling skule



Vår visjon og pedagogiske plattform:

MEISTRING KVAR DAG

Meistring fører til motivasjon, engasjement, involvering, sjølvkjensle, trivsel, ro, interesse, nysgjerrigheit og glede.

For å oppnå våre overordna mål og ynskjer er fylgjande avgjerande for oss:

- *alle skal verta sett og høyrte*
- *alle har krav på støtte, hjelp, oppmuntring, trøyst og merksemd*
- *me skal ha tydelege vaksne og klare grenser - tydelege rammer skapar tryggleik*
- *fysisk aktivitet - gir grunnlag for sunn helse og livsstil*

Tal elevar og klassar 2021/2022

21 elevar og 2 klassar

1.-4. trinn: 10 elevar

5.-7. trinn: 11 elevar

Tal lærarstillingar 2021/22

3,1 årsverk pedagog

Fagfornynging i praksis

Me deler også dette skuleåret inn i periodar på seks veker, der me bruker tverrfaglege tema som fokus for kvar periode; folkehelse og livsmeistring/berekraftig utvikling/demokrati og medborgarskap. Elevane jobbar fram eit produkt i kvar periode som skal vera ei avslutning på temaet. Dette vert synt fram i ei felles økt siste veka i perioden.

Elevmedverknad, vurdering og auka motivasjon hjå elevane våre er noko av det personalet bruker utviklingstida til, og det har også fokus i arbeidet med tverrfaglege tema.

Arbeidet med tverrfaglege tema har som mål å få undervisninga meir praksisorientert og variert. Dette for å auka motivasjonen hjå elevane og for å bidra til at dei vert meit nysgjerrige.

Ein viktig del av fagfornyninga, er nettopp det at det skal vera eit større fokus på livsmeistring for barn og unge i opplæringa, samt at me skal bli bevisste på ei berekraftig tilnærming til naturen og samfunnet rundt oss. Summen av dette skal bidra til at me sender samfunnsbevisste unge vaksne ut i verda, som er motiverte for å ta vare på den vakre og eineståande naturen me bur midt i sentrum av. Me ynskjer å nytta nærmiljøet vårt, til læring og aktivitetar, som ein alternativ opplæringsarena til klasserommet. I haust jobba med mykje med nærmiljøet og med ulike personar i lokalmiljøet.



Praksisforteljing

Me fekk bereposar med pærer frå Solvorn på døra. Pærer i ulike fasongar vart teikna i ulike posisjonar og vinklar. Så vart dei nytta til fruktmåltid etterpå.

Blåbær (hageblåbær): Me vart inviterte til plukking av så mykje blåbær me ville på Ornes. Bæra vart sylta og safta, og lagra på gjenbrukte glas.

Eple: Det var enormt med eple på våre egne epletre på uteplassen i haust. Vår tidlegare vaktmeister tilbydde seg å vera med oss, og han kom med sitt nye presseutstyr, og elevane fekk ein dag der epla vart plukka, vaska og pressa til saft. Her måtte alle vera ekstra nøyen med hygiene. Når safta hadde nådd rette temperaturen, vart den tappa på kartongar. Denne safta nytta me seinast på påskelunsjen, og me har fortsatt saft igjen på lager. Epla vart også nytta til smuldrepai og muffins.

Fiske og fjorden: Me kontakta vidar Aasen om å få vera med ein dag ved fjorden. Elevane fekk vera med ut i båt og ta opp teiner som han hadde sett ut på førehand. Det var litt av kvart å studera og handtera – ulike typar kreps og krabbar i ulike storleikar, både lærerikt og spennande.

Gjenbruk: I vår har elevane hatt med kle heimefrå som ikkje blir brukte lenger. Det har vorte til nye kle som kjole, skjørt og bluse, samt veske og bamse har vorte laga. Elevane fekk syna fram det nye dei hadde laga og fortalt kva det hadde vore før.

Restemat: I mat og helse har me hatt fokus på kva me kan nytta matrestane våre til, og elevane har laga nye rettar av restane våre.

Kortreist utflukt: Uteplassen vår, Berge, nyttar me så ofte me kan.

Gratis materiell: Elevane har fått utnytta all snøen i vinter, der dei laga ein kulturpark.



Veitastrond oppvekstsenter avdeling skule



Veitastrond oppvekstsenter har eit godt og framtidsretta samarbeid mellom barnehage og skule, slik at ein allereie frå første skuledag skal føla tryggleik og tilhørslse, og få ein glidande overgang frå barnehageborn til skuleelev. Skulen samarbeider òg med Hafslo barne- og ungdomsskule, der 5.-7. klasse reiser på besøk til klassane sine éin gong i veka. 1.-4. klasse reiser eit par gonger i året for å bli kjende med dei kommande klassekameratane sine.

Med 13 elevar fordelt på 7 ulike trinn er tilpassa opplæring ein heilt sentral del av skulekvardagen. Dette gjev òg rom for å skapa gode relasjonar mellom elevar på tvers av trinn, og mellom elev og lærar. Me har stort fokus på trivsel, og korleis me kan gjera skuledagane best for kvar einskild elev. Me er òg opptekne av fysisk aktivitet og glede over naturen og nærmiljøet.

Tal elevar og klassar 2021/22

13 elevar fordelt på to klassar. Det er elevar på alle alderssteg.

Tal lærarstillingar 2021/22


4 lærarar fordelt på ca. 3,1 årsverk

Fagfornyinga

I tråd med LK20 set Veitastrond oppvekstsenter trivsel og positiv samhandling høgt, både med jamaldrande, men òg på tvers av alder. Personalet har systematisk arbeidd seg gjennom kompetansemåla i dei ulike faga. Gjennom dette arbeidet har me fått sett på og vurdert vår eigen undervisningspraksis, og drøfta korleis det er føremålstenleg for faget å arbeide med tanke på klassesamansetningane. Me har blant anna valt å ha temabasert undervisning i fleire fag enn tidlegare. Dette er med på å auka læringsutbyttet til elevane, og gjev læraren meir handlingsrom i val av metode. Ved behov er oppgåvene nivåbasert, slik at det skal vera like passande for ein 5.klassing, som for ein 7.klassing.

Gjennom arbeidet med LK20 har me vurdert kva hovudområde me er gode på og kva område me må arbeida meir med. Me ser mellom anna at me er gode på menneskeverd, å vidareføra respekt for naturen, kunnskap om kulturen og nærmiljøet, og ta del i tradisjonar som finn stad i bygda. Område me må jobba meir med har me arbeidd systematisk vidare med, for å få dei meir integrert i skulekvardagen.

Skulen er godt rusta med datamaskiner og programmeringsutstyr. Programmering er noko me har teke meir i bruk etter den nye læreplanen kom. Me ser at det er motiverande for elevane, og me er difor i ein prosess der me prøver å tileigne oss meir kunnskap innanfor området.



Praksisforteljing

Veitastrand oppvekstsenter har gode moglegheiter for tur- og naturopplevingar. Dette er noko skulen nyttar seg av kvar torsdag. I haust tok elevane turen tilbake til gamle hausttradisjonar, der dei fekk vera med å ta opp poteter og andre grønsaker, og dei fekk vera med på kalving. Sjølv om nokon av elevane hadde vore med på dette før, var det framleis nysgjerrige auger som såg mellom sprinklane på båsen.

Desse opplevingane gav rom for gode spørsmål og samtalar, både om korleis ein kalv blir til, men òg korleis ein før måtte arbeida for å få tak i maten, og korleis ein laga smør og tradisjonsrettar. Det heile botna ut i ein haustfest der elevane presenterte det dei hadde lært på turane og timane. På programmet hadde blant anna dei minste skodespel om korleis fløyte vart omgjort til smør. Dei nytta seg av potetene dei hadde teke opp til å laga potetkaker, som er svært vanleg å diska opp med i selskap på Veitastrand. Dei hadde laga eige smør som dei smurde på. I tillegg lagde elevane gulrotkake og eplekake.



Luster vaksenopplæring

Vår visjon er: «Vi gir mennesker muligheter». Luster vaksenopplæring er ein del av NAV Luster, og me arbeider såleis etter NAV sin visjon «vi gir mennesker muligheter».

Visjonen speglar dei tre samfunnsmessige funksjonane som NAV ivaretek; mulegheit for arbeid, mulegheit for meiningsfull aktivitet og mulegheit for inntektssikring i høve lovfesta rettar.

Vaksenopplæringa er tufta på «Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrarakar (introduksjonslova)» og «lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid».

Oppdraget til vaksenopplæringa er å gje innvandrarakar gode norskkunnskapar, kunnskap om norsk samfunnsliv, og bistå med ei tilknytning til arbeidslivet, samt foreldrerettleiing og kurs i livsmeistring.



Alle elevane som har dagtidsundervisning ved Luster vaksenopplæring har norskundervisning på skulen tre dagar i veka, medan dei to dagar i veka er ute i praksis i ordinære bedrifter. Våre tilsette er då kontinuerleg ute i bedrifta og følgjer opp elev og praksisplass.

Såleis får elevane arbeidslivskompetanse, samstundes som dei tileignar seg språk på arbeidsplassen. Me har tilbod om to kveldskurs pr. skuleår. Kvar av kursa går over to kveldar i veka i tolv veker.

Kurset på haustsemester arbeider på språknivå A1/A2, medan kurset på vårsemester er ei påbygging mot nivå B1. Me har tilbod om to kveldskurs pr. skuleår.

Kvar av kursa går over to kveldar i veka i tolv veker. Kurset på haustsemester arbeider på språknivå A1/A2, medan kurset på vårsemester er ei påbygging mot nivå B1

Tal elevar og klassar i 2021/2022

2 klassar på dagtid, 2 kveldskurs.

Dette skuleåret har totalt 31 elevar hatt undervisning ved vaksenopplæringa. Me har gjennomført tre rundar med eksamen i norsk, samfunnskunnskap og statsborgarprøva.

Tal stillingar i 2021/2022

200 % pedagog, 42 % assistent, 40 % administrasjon

Nye obligatoriske element i introduksjonsprogrammet

Livsmeistring i eit nytt land

Skal styrke deltakarane sin motivasjon og meistring. Systematisk tematiserer ein utfordringane deltakarane kan kjenne på i møte med eit nytt samfunn, nye forventningar og nye system. Kurset skal bidra til at den einskilde deltakar får kjennskap og ferdigheiter som gir gode mulegheiter for å meistre det å leve i eit nytt land og vera ein ressurs for seg sjølv, sin familie og lokalsamfunnet.

I samband med livsmeistring har me også valt å ha to timar fysisk aktivitet for elevane kvar veke. Her går ein turar, blir kjende i nærmiljøet, blir kjend med ulike idrettsaktivitetar som også finst tilgjengeleg i bygda på kveldstid. Me opplever at fysisk aktivitet saman gjev betre fysisk og psyksisk helse, samt betre samhald i elevgruppa.

Foreldrerettleiing

Foreldrerettleiing i introduksjonsprogrammet skal bidra til å skape trygge føresette som kan gje borna ei god oppvekst, og såleis fremje integrering i Noreg. Foreldrerettleiing skal styrke relasjonen mellom foreldre og mellom foreldre og barn. Gjennom kurset får foreldra kunnskap til korleis det er å vera forelder i Noreg og kva tilbod dei kan bruke.

